

MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen Herøy rådhus
Dato: 24.04.2014
Tid: 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Utviklingsavdelinga startar kommunestyremøtet med ein gjennomgang av arealplanen

Fosnavåg, 11.04.14

Arnulf Goksøyr
ordførar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 45/14	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 46/14	Protokoll frå førre møte.
PS 47/14	Delegerte saker
PS 48/14	Referatsaker
PS 49/14	Drifts - vedlikehaldsavtale for Gurskøy kunstgrasbane.
PS 50/14	Slutthandsaming utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og BT Utbygging as
PS 51/14	Herøy omsorgssenter - gul avdeling - søknad om mellombels godkjenning
PS 52/14	Sal av Jacobsenhuset

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 130/14 BT Utbygging as v/Bjarne Tarberg - 46/79,80 m fl - lgangsettingsløyve veg og leidningsnett
- DS 131/14 Kjøp av bustadtomt 26/229 på Leinane.
- DS 132/14 Asbjørn Toftesund 47/12 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus
- DS 133/14 Stian Goksøyr 80/25 - Ferdigattest for einebustad
- DS 134/14 Gnr 29 Bnr 84 Frådeling av nausttomt
- DS 135/14 Kjøp av bustadtomt 26/230 på Leinane.
- DS 136/14 Gnr 19 Bnr 2 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 19 bnr 73
- DS 137/14 Statens Vegvesen - 48/10 og 11 - Riving og sanering
- DS 138/14 Truls Are Torvik 19/11 - Løyve til riving og oppføring av nytt uthus
- DS 139/14 Eivind Inge Leine 24/38 - Endring av tidlegare gitt løyve
- DS 140/14 Herøy Byggsenter as - 24/85 - Endring av gitt løyve
- DS 141/14 Kjøp av gnr 26 bnr 233 - Leine
- DS 142/14 Eva Janne Djupvik - 44/27 - Rehabilitering av skorstein
- DS 143/14 Vegard Fiksdal 22/72 - Løyve til opparbeiding av infrastruktur i privat byggefelt på Espeseth
- DS 144/14 Ferdigattest - 38/230 - Tilbygg Helsesenter
- DS 145/14 Ferdigattest - 79/134
- DS 146/14 Boguslaw Lopuzynski 34/401 - Ferdigattest for tilbygg/garasje
- DS 147/14 Anne-Marte Berge 31/161 - Ferdigattest for terrasse og bod
- DS 148/14 Olga Maspanova 60/413 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus
- DS 149/14 Oddvar Torvik 17/4 - Løyve til riving av driftsbygning
- DS 150/14 Greta Sund - 4/269 - Bruksendring og fasadendring
- DS 151/14 Fluda Eiendom as - 25/47 - Endring av gitt løyve

- DS 152/14 Standardkontrakt
- DS 153/14 Gunn Helsem Leine 26/84 - Ferdigattest garasje
- DS 154/14 Oddvar Torvik 17/4 - Løyve til riving av driftsbygning
- DS 155/14 Gnr 8 Bnr 1 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 8 bnr 39, 40 og 41.
- DS 156/14 Haven Prosjekt AS 76/105 snr.21 - Endring av tidlegare godkjent tiltak
- DS 157/14 Berge og Flusund grendalag - 28/2 - Gapahuk
- DS 158/14 Frede Uldbæk - 87/15 - Opparbeiding av veg
- DS 159/14 Frank Abrahamsen 83/86 - Mellombels bruksløyve for naust
- DS 160/14 Mellombels bruksløyve -35/14 - Hus B - seksjon 5, 6, 8, og 9
- DS 161/14 Herøy kommune v/eigedomsavdelinga - 26/29 og 43 -Riving og sanering
- DS 162/14 Haven Prosjekt AS 76/105 - Mellombels bruksløyve for hytte nr 21 på Budaneset
- DS 163/14 Herøy kommune 24/5 - Løyve til oppføring av pumpestasjon på Nærøya
- DS 164/14 Gnr 37 Bnr 335 - Makebyte mellom Møre og Romsdal Fylkeskommune og Herøy kommune
- DS 165/14 Kjøp av gnr 26 bnr 231
- DS 166/14 Wigny Vike og Kristoffer Berge 31/42 - Løyve til oppføring av garasje
- DS 167/14 Mats Inge teige - 34/173 seksjon 4 - Vinterhage
- DS 168/14 Mellombels bruksøyve 29/266
- DS 169/14 Eigedomar i Tjørvåg - Gnr 55, bnr 28, 7, 31 og 30 - Tilkobling til sanitærabonnement/kommunal slamutskillar - Endring av ansvarsrett utførande
- DS 170/14 Gisle Vinjevoll Thrane - 12/30 - Endring av gitt Løyve
- DS 171/14 Underskreven standardkontrakt

Referatsaker

RS 20/14	Vedrørende tilsynssak Gul avdeling
RS 21/14	Om Ragnar Thorseth
RS 22/14	Årsmelding Herøyspelet 2013

PS 45/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 46/14 Protokoll frå førre møte.

PS 47/14 Delegerte saker

PS 48/14 Referatsaker



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JRG	Arkivsaknr:	2014/264
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
55/14	Formannskapet	08.04.2014
49/14	Kommunestyret	24.04.2014

DRIFTS - VEDLIKEHALDSAVTALE FOR GURSKØY KUNSTGRASBANE.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.04.2014

1. Utkast til samarbeidsavtale om drift og vedlikehald av Gurskøy kunstgrasbane på Leikong mellom Gurskøy idrettslag og Herøy kommune v/ Anlegg og driftsavdelinga vert godkjent.
2. Anlegg og driftsleiar får fullmakt til å underteikne avtalen på vegne av kommunen.
3. For kjøp av vedlikehaldstenestene som framgår av avtalen, betaler Herøy kommune frå 01.01.2014 ein årleg sum til Gurskøy idrettslag på kr. 60.000,-
4. Teneste 5125 «Idrett» får i driftsbudsjettet for 2014 ei tilleggsløyving på kr 110.000,- til dekking av tenestekjøp under pkt. 3 medrekna auke i tilleggskostnader. Tilleggsløyvinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Søknaden om økonomisk støtte til kjøp av traktor vert ikkje imøtekommen.

Tilråding frå rådmannen:

5. Utkast til samarbeidsavtale om drift og vedlikehald av Gurskøy kunstgrasbane på Leikong mellom Gurskøy idrettslag og Herøy kommune v/ Anlegg og driftsavdelinga vert godkjent.
6. Anlegg og driftsleiar får fullmakt til å underteikne avtalen på vegne av kommunen.
7. For kjøp av vedlikehaldstenestene som framgår av avtalen, betaler Herøy kommune frå 01.01.2014 ein årleg sum til Gurskøy idrettslag på kr. 60.000,-
8. Teneste 5125 «Idrett» får i driftsbudsjettet for 2014 ei tilleggsløyving på kr 110.000,- til dekking av tenestekjøp under pkt. 3 medrekna auke i tilleggskostnader. Tilleggsløyvinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.
9. Søknaden om økonomisk støtte til kjøp av traktor vert ikkje imøtekommen.

Særutskrift: Anlegg og driftsavdelinga v/ Jon Rune Våge
Økonomi v/ Geir Egil Olsen

- Vedlegg:**
1. Kopi av søknad frå Gurskøy Idrettslag om avtale og driftstilskot for vedlikehald av Gurskøy Kunstgrasbane.
 2. Utkast til avtale om vedlikehald av Gurskøy Kunstgrasbane.
 3. Kopi av søknad om støtte til kjøp av traktor
 4. FDV-plan

Bakgrunn for saka:

Herøy kommune godkjende i K-sak 186/11 at det vart lagt kunstgrasdekke på deler av grusbana ved Leikanger skule. Ein vedtok vidare å forskottere spelemidlar og overføre momskompensasjonen i si heilheit til investeringsrekneskapen som kommunal eigenandel i finansieringsplanen. Som punkt nr.4 i vedtaket står det, sitat: «Det skal utarbeidast ein samarbeidsavtale mellom Gurskøy IL og Herøy kommune angående drift og vedlikehald av kunstgrasbana. Denne vert å godkjenne av formannskapet».

Kunstgrasbana ved Leikanger skule vart teken i bruk 08.2013. Denne saka gjeld godkjenning av samarbeidsavtale med fastsetting av godtgjersle for kjøp av drifts- og vedlikehaldstenester definerte i avtalen.

Saksopplysningar/ vurderingar:

Herøy kommune har motteke førespurnad frå Gurskøy idrettslag om driftsavtale for vedlikehald av den nye kunstgrasbana på Leikong. Idrettslaget søker i denne samanheng om eit årleg driftstilskot på kr. 80.000,- (jfr. vedlegg nr.1). I tillegg ber ein om støtte til innkjøp av traktor (jfr. vedlegg nr.3).

Herøy kommune har frå før brukaravtaler med henholdsvis BIL fotball og Tjørvåg idrettslag om drift og vedlikehald av kunstgrasbanene som desse laga nytter/disponerer. Avtalene ein har med dei to idrettslaga, er likelydande og omfattar alt vesentleg og praktisk vedlikehald i henhold til eigen FDV-plan for kunstgrasbaner. I tillegg har ein avtale med Moltustranda idrettslag om vedlikehald av grasbana ved Munkvoll stadion og med Gurskøy idrettslag om drift og vedlikehald av turlysløypa på Leikongsætra.

Kostnadene med kommunen sine kjøp av vedlikehaldstenester frå idrettslaga går fram av tabellen vist nedanfor.

Ansvar 5125 Idrett

Idrettslag	Baner/ anlegg	Årleg sum
BIL fotball	Bergsøy kunstgrasbane	Kr 75.000,-
BIL fotball	Havila stadion (kunstgrasbana)	« 75.000,-
Tjørvåg idrettslag	Tjørvåg kunstgrasbane	« 75.000,-
Moltustranda idrettslag	Grasbana ved Munkvoll stadion	« 34.600,-
Gurskøy idrettslag	Turlysløype på Leikongsætra	« 56.000,-
	Sum	Kr 315.600,-

Kommunen sitt kjøp av vedlikehaldstenester er basert på eit skjønsmessig vurdert normalvedlikehald og stor grad av dugnad frå dei ulike laga. Intensiv bruk av dei ulike anlegga vil kunne medføre større kostnader og større grad av dugnad. Dette må i såfall dei ulike laga stå for sjølve.

I tillegg til tenestene ein kjøper, kjem kommunen sine øvrige kostnader på teneste 5125 i tillegg. Kommunen har overordna tilsyn med banene og dekker innkjøp av materiell og tenester som er nødvendig i vedlikehaldssamanheng. For kunstgrasbanene gjeld dette eksempelvis kjøp av gummigranulat når behovet for etterfylling er påkrevd. Kommunen har også auka straumutgifter ved oppgradering/ny belysning på banene. Straumutgiftene til lysanlegget på Gurskøy kunstgrasbane vert betalte av Herøy kommune. Kostnadene som kjem i tillegg til tenestene ein i dag kjøper frå idrettslaga, utgjorde om lag kr. 419.400,- i 2013. Totalforbruket i 2013 var såleis kr. 735.000,- mot eit budsjett på kr. 625.500,-. Budsjettposten er ikkje auka frå 2013 til 2014.

Bygging av kunstgrasbane er ei stor investering som skal ivaretaast i mange år framover. Det er derfor behov for kontinuerleg og systematisk vedlikehald slik at bana kan behalde eigenskapane over tid. Vedlikehald av kunstgrasbaner strekkjer seg over heile året.

Gurskøy kunstgrasbane ligg nært knytta til uteområdet ved Leikanger skule og ein registrerer at det er stor aktivitet på anlegget heile dagane veka igjennom.

Gurskøy idrettslag peikar i eige brev på at vedlikehaldet av den nye kunstgrasbana nødvendiggjer investeringar m.o.t. utstyr. Laget har i første omgang behov for eigna traktor og ber i medhald av dette om økonomisk støtte frå kommunen (jfr. vedlegg nr.3). Når det gjeld kjøp av utstyr, kan ein opplyse om at det ved opparbeiding av Bergsøy kunstgrasbane vart innkjøpt ny traktor som ein del av prosjektet. Denne vert i dag også nytta på kunstgrasbana på Havila stadion. Tjørvåg idrettslag har sjølve

stått for anskaffing av traktor og øvrig vedlikehaldsutstyr. Det same er tilfellet for det utstyret som Moltustranda idrettslag nyttar til slåing og vedlikehald av grasbana på Munkvoll stadion. Utfrå ovannemnde finn rådmannen ikkje å kunne tilrå å imøtekomme Gurskøy idrettslag sitt ønskje om økonomisk støtte til kjøp av traktor.

Den nye kunstgrasbana på Leikong er ei såkalla 7-ar bane og såleis noko mindre enn dei andre kunstgrasbanene ein har som er 11-ar baner. Sjølv om den nye kunstgrasbana har eit noko mindre areal, krev anlegget same type og hyppige vedlikehald som gjeld for større anlegg.

Idrettslaget søker om ei årleg godtgjersle på kr. 80.000,-. Samanlikna med tenestene ein kjøper frå dei andre idrettslaga, synes denne summen å vere for høg. Gurskøy kunstgrasbane har som 7-ar bane mindre areal enn dei øvrige banene. I vedlikehaldssamanheng medfører dette m.a. ein nedgang m.o.t. tidsbruk. Utfrå ei totalvurdering ser ein det som rimeleg at kjøp av tenester frå Gurskøy idrettslag i høve vedlikehald av Gurskøy kunstgrasbane vert godtgjort med kr. 60.000,- pr. år. Det må forøvrig påreknast at kommunen vil få andre driftskostnader i tillegg i ein storleik av kr. 50.000,-. Dette tilseier at teneste 5125 «Idrett» i 2014 har behov for å få tilført ei ekstraløyving på kr. 110.000,-

I medhald av ovannemnde og etter ei samla vurdering vil ein leggje fram følgjande tilråding:

1. Utkast til samarbeidsavtale om drift og vedlikehald av Gurskøy kunstgrasbane på Leikong mellom Gurskøy Idrettslag og Herøy kommune v/ Anlegg og driftsavdelinga vert godkjent.
2. Anlegg og driftsleiar får fullmakt til å underteikne avtalen på vegne av kommunen.
3. For kjøp av vedlikehaldstenestene som framgår av avtalen, betaler Herøy kommune frå 01.01.2014 ein årleg sum til Gurskøy idrettslag på kr. 60.000,-
4. Teneste 5125 «Idrett» får i driftsbudsjettet for 2014 ei tilleggsløyving på kr. 110.000,- til dekking av tenestekjøp under pkt. 3 medrekna auke i tilleggskostnader. Tilleggsløyvinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.
5. Søknaden om økonomisk støtte til kjøp av traktor vert ikkje imøtekomen.

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Reidar Gjerde

Herøy kommune
v/Anleggs- og driftsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Gurskøy 3.2.2014

Att: Jan Reidar Gjerde

Førespurnad om avtale og søknad om driftstilskot for vedlikehald av Gurskøy kunstgrasbane

Vi viser til K-sak 186/11 og kommunen si deltaking i legging av kunstgras på fotballbana ved Gurskøy stadion/Leikanger skule. I nemnde sak er det vedteke at det skal utarbeidast ein samarbeidsavtale mellom Gurskøy IL og Herøy kommune som gjeld drift og vedlikehald av kunstgrasbana. Anlegget inneheld 7-ar bane med kunstgras samt lysanlegg i tilknytning til bana og den kommunale parkeringsplassen for tilsette ved skule og barnehage.

Vedlikehald av bana krev følgjande oppgåver:

Vedlikehald sommar:

- Børsting kvar veke
- Kontrollere og reinske skøyte
- Kontrollere drenering
- Kontrollere linjer
- Kontrollere og gjennomføre reinhald
- Kontrollere ev. behov for etterfylling av gummi
- Fjerne lauv og kvistar
- Kontrollere og ev. fjerne organisk materiale i bana (mose/ugras)

Vedlikehald vinter:

- Snømoking/brøyting
- Lysanlegg (skift av pærer, ev. reperasjon av armatur etc.)

Gurskøy Idrettslag legg til grunn at samarbeidsavtalen vil utformast om lag som andre avtalar kommunen har med idrettslag i kommunen om vedlikehald av idrettsanlegg. Gurskøy Idrettslag bed i den samanheng om eit driftstilskot på 80 000,- pr. år, samt at innkjøp av materiell og tenester som er naudsynt i vedlikehaldssamanheng skal dekkast av Herøy kommune etter avtale med kommunen. I tillegg bed vi om at Herøy kommune dekkjer straumutgifter knytt til lysanlegget ved bana, då dette i stor grad vert nytta som naudsynt lyskjelde ved parkeringsplass for kommunalt tilsette ved Leikanger skule og barnehage. Som følgje av dette må lysanlegget i vinterhalvåret stå på i periodar utan aktivitet i regi av idrettslaget.

Gurskøy Idrettslag vil også påpeike at sjølv om anlegget er ei 7-ar bane krev anlegget same type og like hyppig vedlikehald som større anlegg. I tillegg er anlegget nært knytt til uteområda ved Leikanger skule. Dette gjer at skuleborn nyttar anlegget i gymtimar, friminutt og i SFO tida, og at det er særleg stor aktivitet i anlegget heile dagen. Idrettslaget ser det som svært positivt av anlegget ver nytta av mange og til ulike formål, men innser at denne bruken krev noko ekstra vedlikehald. Dette gjeld også om vinteren i periodar med snø då anlegget må brøytast om morgonen før skuledagen tek til for at ikkje snø skal bli trampa ned og pakka på bana. Om det var berre idrettslaget som hadde nytta bana hadde moking om ettermiddagen vore tilstrekkeleg.

Leikong 3. februar 2014



Gurskøy Idrettslag
v/Oline Kleppe

A V T A L E

mellom

Gurskøy Idrettslag

og

Herøy kommune v/ Anlegg og driftsavdelinga

om

Vedlikehald av Gurskøy kunstgrasbane

1. ANSVAR/ FORMÅL

Denne avtalen er skrevet med bakgrunn i avtale mellom Herøy kommune og Gurskøy Idrettslag.

Herøy kommune v/ Anlegg og driftsavdelinga er eigar av Gurskøy kunstgrasbane og har det overordna ansvaret for drift og vedlikehald av bana.

Gurskøy Idrettslag har etter denne avtalen i samarbeid med Anlegg og driftsavdelinga i kommunen det utøvande avsvaret for drift og vedlikehald av kunstgrasbana med tilhøyrande anlegg. Vedlikehaldet skal utførast etter den standard som er kravd for slike anlegg i.h.h.t. vedlagt FDV-plan.

Formålet med avtalen er å få eit best mogleg brukartilpassa vedlikehald av kunstgrasbana ved at brukarane sjølve står for drift og vedlikehald.

2. OMFANG

Gurskøy Idrettslag har etter denne avtalen følgjande vedlikehaldsoppgåver for kunstgrasbana:

Vedlikhald sommar:

- Foreta børsting kvar veke
- Kontrollere og reinske skøyte
- Kontrollere drenering
- Kontrollere linjer
- Kontrollere og gjennomføre reinhald
- Kontrollere evt. behov for etterfylling av gummi
- Fjerne lauv og kvistar
- Kontrollere og evt. fjerne organisk materiale i bana (mose/ugras)

Vedlikehald vinter:

- Snømåking/ brøyting
- Evt. salting
- Lysanlegg (skift av pære, evt. rep. av armatur m.m.)

Vedlikehaldsoppgåvene skal utførast slik dei er beskrevne og framgår av utarbeidd FDV-plan.

Andre oppgåver kan kome til etter nærmare avtale mellom partane.

3. VARIGHEIT

Avtalen gjeld frå 01.01.2014 og til ein av partane skriftleg seier opp avtalen med 6 mnd. Varsel.

4. GODTGJERSLE TIL GURSKØY IDRETTSLAG

For drift og vedlikehold oppgaver etter denne avtalen og i medhald av FDV-plan for kunstgrasbana, vert godtgjersla til Gurskøy idrettslag etter vedtak sett til kr/år. Den årlege godtgjersla vert justert i tråd med konsumprisindeksen.

Godtgjersla vert utbetalt i 2 like deler pr. 01.07 og 01.10.

Gurskøy Idrettslag sender faktura til Herøy kommune seinast 14 dagar før utbetaling skal finne stad.

5. INNKJØP M.V.

Innkjøp av materiell og tenester som er nødvendig i vedlikeholdssamanheng, vert dekkja av Herøy kommune. Innkjøp skal vere avklara med kommunen sin representant på førehand. Eventuelle ekstraordinære behov for vedlikehold skal rapporterast skriftleg til kommunen for vurdering av tiltak.

6. FORSIKRING

Herøy kommune teiknar forsikring av Gurskøy kunstgrasbane med alle tilhøyrande anlegg.

Gurskøy Idrettslag teiknar ansvarsforsikring for sine dugnadsmannskap samt 3. parts forsikring.

7. TVISTAR/ USEMJE

Twistar/ usemje mellom partane vedk. tolking av denne avtalen, som ikkje let seg løyse ved forhandlingar, skal leggest fram for Formannskapet til avgjerd.

8. ANSVARLEGE KONTAKTPERSONAR

Følgjande er ansvarlege for at bestemmelsane i denne avtalen vert følgde:

Gurskøy Idrettslag: Formann

Herøy kommune ved Anlegg og driftsavdelinga: Anlegg og driftsleiar

For den praktiske gjennomføringa av avtalen er følgjande kontaktpersonar utpeikt:

Gurskøy Idrettslag:

-
-

Herøy kommune:

- Formann Anlegg og drift

Ved endring av ansvarlege eller kontaktpersonar pliktar kvar av partane og varsle kvarandre snarast råd.

Vedlegg: FDV-plan

Fosnavåg,

For Herøy kommune

For Gurskøy Idrettslag

Herøy kommune
v/Anleggs- og driftsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Gurskøy 7.2.2014

Att: Jan Reidar Gjerde

Førespurnad om støtte til innkjøp av traktor

Vi viser til K-sak 186/11 om kommunen si deltaking i legging av kunstgras på fotballbana ved Gurskøy stadion/Leikanger skule samt førespurnad om avtale og søknad om driftstilskot for vedlikehald av Gurskøy kunstgrasbane datert 3.2.2014.

Sidan kunstgrasbana vart teken i bruk hausten 2013 har Gurskøy IL fått låne ein privateigd ATV for utføring av naudsynt vedlikehald på kunstgrasbana. Dette er ikkje vurdert som ei optimal løysing på sikt, verken med omsyn til eigartilhøva til utstyret, eller med omsyn til brukseigenskapane til utstyret. Vedlikehaldsutstyr på kunstgrasbaner bør ha spesialtilpassa dekk til kunstgrasbaneformål då vanlege dekk på sikt vil øydelegge dekket på bana. I tillegg vil køyring på veg/grusvegar/jorder kunne dra med seg stein og jord som også bidrag til å redusere levealderen på banedekket. ATV'en kan heller ikkje nyttast til snøbrøyting.

Gurskøy IL vurderer derfor å kjøpe inn, ev. lease, ein eigna traktor med påkravd utstyr til vedlikehaldsføremål på kunstgrasbana. Som det står i førespurnad/søknad datert 3.2.2014 er kunstgrasbana på Leikong nært knytt til skuleområdet og blir mykje nytta også av skuleborn i friminutt, SFO-tid, gymtimar etc. Som søknaden omtaler utløyser dette noko ekstra krav til vedlikehald og snøbrøyting, og Gurskøy IL ser at det også er i kommunens interesse at eigna utstyr til vedlikehald kjem på plass.

Gurskøy IL vil med dette sende ein førespurnad om kommunen på nokon måte kan bidra med økonomisk støtte til innkjøp av eigna vedlikehaldsutstyr til Gurskøy kunstgrasbane. Vi er opne for diskusjon om korleis dette kan gjerast på ein mest mogleg hensiktsmessig måte, og ser for oss at moglege alternativ kan vere innkjøp av traktor på ein måte som kan utløyse momskompensasjon og at denne momskompensasjonen då er kommunen sitt bidrag. Andre alternativ kan vere direkte finansieringsbidrag eller eventuelle andre løysingar. Innkjøpspris på ein traktor med eigna utstyr vil ligge i storleiksorden 290 000 NOK + moms, så ein totalpris på 360 000 – 370 000.

Leikong 7. februar 2014

Vennleg helsing



Gurskøy Idrettslag
v/Oline Kleppe

Drifts- og vedlikeholdsplan for Gurskøy kunstgrasbane



Drifts- og vedlikeholdsplanen omhandler følgende:

- 1. Sommarvedlikehald**
- 2. Vintervedlikehald**
- 3. Garanti / Skader og reparasjonar**

1: SOMMARVEDLIKEHALD:

Vedlikehald kvar veke:

- 1 :Plukk av rask og søppel – dagleg.
- 2 :Børste kunstgrasarealet med børsteslådden – kvar veke
- 3 :Fjerne laust avfall som lauv etc. med blåsar eller oppsamlar. Er områda rundt banen ryddige, vert det mindre søppel på sjølve kunstgrasbana.



Børsting med slådd

Det er viktig å tenkje på vekta av utstyr/maskiner som vert nytta på bana. Dette er spesielt viktig på vårparten då jordsmonnet enno er vått og mjukt. Tunge maskiner kan lage spor i overflata av bana. Vi anbefalar ein minitraktor med breie hjul. Breie hjul fordelar trykket over eit større område. Hjultrykket bør være under 0,75 kg/cm².

Det viktigaste vedlikehaldet i løpet av det første bruksåret er knytta til bruken av børsteslådd. Avhengig av bruksfrekvensen på bana, bør den slåddast 2 - 8 ganger i månaden. Børsteslådden må ikkje vere for tung.

Køyr sakte (7 – 10 km/t) slik at gummigranulatet vert spreidd jamnt ut med børstene. Vanlegvis slådder ein med skøytane på tvers, men frå tid til annan skal ein også slådde i lengderetninga. Slådd først dei mest brukte områda slik som område ved mål, corner og straffe før ein slådder heile banen.

Om ein har hatt regnvær bør ein vente 1 – 2 timar før ein slådder. Dette fordi gummigranulatet vil klebe seg til våte fibrar under spel og slådding. Ei bane som er våt, vil derfor sjå mørkare ut enn når den er tørr. Når bana har tørka opp, vil granulatet i løpet av kort tid legge seg ned i fibre att.

KVAR MÅNAD / VED BEHOV :

Nokre gonger i året bør ein køyre over bana med ei harv for å løyse opp gummigranulatet. Litt avhengig av bruksfrekvensen kan dette gjerast ein gong i månaden eller når bana vert for hard. Ved bruk av harv må ein vere varsam slik at denne ikke trenger for djupt ned og øydelegg dei limte skøytane eller undermatta. Harven skal justeres slik at den ikke trengjer meir enn 15 mm ned i gummigranulatet. Etter bruk av harv skal bana slåddast og granulat etterfyllast dersom det er nødvendig.

Åpne skøytar eller lause spelelinjer skal reparerast så snart som mogleg.



Vår- og haustvedlikehald:

- 1 :Limte skøytar og spelelinjer sjekkast og reparerast om nødvendig
- 2 :Fjerne mose og ugras
- 3 :Sjekke mengda av gummigranulat , spesielt i mål, straffe og cornerområda. Etterfyll granulat dersom det er behov for det.
- 4 :Rensing av granulatet



Lufting og fornying av fylling

For tredje generasjons kunstgras er det utvikla maskiner som kan lufte og reingjere granulat og sand. Lufting bør gjerast 1 – 2 gonger i året. Etterfylling av nytt granulat bør gjerast samtidig. Dette medverkar til at bana ikkje vert hard og mosegrodd.

Luftforureining, støv og organiske stoff (mose) kan medføre problem spesielt på eldre baner. Fyllinga vert skitten - noko som igjen fører til at banen over tid vert hard. Ei totalrensing inneber at både sand og granulat vert bytta ut og erstatta med nye materialer.

Ved utskifting av fyllinga må det nyttast maskiner som er beregna for dette arbeidet.

Ei utskifting av heile fyllinga er å sjå på som ei rehabilitering og vert kanskje gjort ein gong i løpet av bana si levetid.

Sjekk av nivået på gummigranulatet

Gummigranulat og sand vert komprimert ved bruk. Ved nye baner er dette spesielt framtrekande første året. Sjekk gummigranulatnivået ved mål, corner og andre hardt belasta område. Slådd og etterfyll med granulat ved behov.

Ei ny bane kan verke overfylt fordi granulat og sand vert komprimert raskere i starten.

Påfylling av gummigranulat

Gummigranulat etterfyllast over heile bana ein gong i året under årleg vedlikehald. Før etterfylling fjernast lauv, barnåler og søppel.

Den beste måten å etterfylle granulat på, er å bruke ein spreidar som kan hengast etter ein traktor. Med ein spreidar kan ein spreie ut granulatet i eit jamnt lag der det er nødvendig. Granulatet er korna i rett størrelse. Ved etterfylling må ein bruke samme granulatstørrelse som ved installasjon.

2:VINTERVEDLIKEHALD

Snø kan fjernast frå kunstgrasbana ved bruk av skjær eller snøfresar. For ikkje å skade kunstgraset må ein bruke eit skjær som kan høgdejusterast. Juster høgda på skjæret eller snøfresaren til minst 30 mm over fibrane og la det ligge igjen eit tynt lag med snø på overflata. Kanten på skjæret eller annan maskin må være gummibelagt.

Den igjenverande snøen børstast ned i granulatet..

Maskinell fjerning av snø kan skade fibre.



Fjern mest mogleg av snøen på bana som beskreve ovenfor.

Dei resterende 3 – 5 cm med snø kan løysast opp med salt (natriumklorid eller kalsiumklorid). Preparater som vert brukt til smelting av snø, kan forårsake fortetting av granulatet og **bør ikkje brukast regulært.**

VED SNØBRØYTING FJERNER EIN GRANULAT FRÅ BANA VED VINTERBRUK. ETTERFYLLING AV GRANULAT ER HEILT NØDVENDIG FØR SOMMERSESONGEN STARTAR.

3:GARANTI

Leverandøren må umiddelbart varslast om oppståtte feil eller mangler. Varsel skal vere skriftleg.

Garantien dekker følgjande feil eller skader:

Feil ved råmaterialer som vert oppdaga innanfor garantitida, slik som farge-ektheit og UV beskyttelse (i den grad det forårsakar slitasje av fibrane)
Installsjonsfeil som skøyter, spelelinjer og granulatfylling

Garantien forutset at følgjande tiltak er utført av baneigar:

Drift og vedlikehald av bana er i henhold til gitt instruks. **Ei komplett utfylt loggbok må være tilgjengeleg som kontroll på at vedlikehaldet av bana er utført i henhold til instruks. Ei manglande eller ufullstendig utfylt loggbok er å sjå på som ei forsøming, og garantiansvaret opphøyrer.**

Loggboka skal være tilgjengeleg for kontroll under heile garantitida.

Drift og vedlikehaldsutstyr må være levert av leverandør eller godkjent av denne.

Reparasjonar og liknande skal utførast av leverandør eller av personell godkjent av leverandør.

Materialer som vert nytta til vedlikehald og reparasjon av bana skal vere levert eller godkjent av leverandør



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr:	2013/966
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
56/14	Formannskapet	08.04.2014
50/14	Kommunestyret	24.04.2014

SLUTTHANDSAMING UTBYGGINGSAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG BT UTBYGGING AS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.04.2014

1. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og BT Utbygging vert godkjent.
2. Ordførar får fullmakt til å signere utbyggingsavtalen på vegne av Herøy kommune.

Tilråding frå rådmannen:

1. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og BT Utbygging vert godkjent.
2. Ordførar får fullmakt til å signere utbyggingsavtalen på vegne av Herøy kommune.

Særutskrift

BT Utbygging as, c/o Bjarne Tarberg, 6076 MOLTUSTRANDA

Anlegg- og driftsavdelinga v/Lene S. Huldal, her

Utviklingsleiar, her

Vedlegg:

- 1 F-sak 22/14
- 2 Utkast til utbyggingsavtale Tovågen
- 3 Vedlegg til utkast til utbyggingsavtale

Bakgrunn:

Det har vore gjennomført ein prosess etter gjeldande regelverk med sikte på ein utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og utbygger, BT Utbygging AS, vedrørende utbygging i Tovågen bustadfelt. Framforhandla utkast til utbyggingsavtale har vore utlagt til offentlig ettersyn. Denne saka gjeld godkjenning av utbyggingsavtalen.

Saksopplysningar:Generelt om utbyggingsavtalar

Utgangspunktet for ein utbyggingsavtale er at det i reguleringsplanen for eit privat areal er innregulert offentlege område og/eller infrastruktur. Privat utbygger av desse areala/infrastrukturen kan i slike høve be/søkje kommunen om at det vert skrive ein utbyggingsavtale. Ein slik avtale vil normalt innebere at

- Privat utbygger står for og kostar utbygginga/opparbeidinga fullt ut
- Kommunen overtek, vederlagsfritt, ferdig opparbeidde anlegg for framtidig drift og vedlikehald. Dette inneber også vederlagsfri overtaking av eigedomsretten, eller varig rett til bruk, av areala.

Sakshandsaming

Tidlegare vedtak i saka:

Vedtak i Formannskapet - 04.02.2014

1. Med heimel i §17-4 i Plan- og bygningslova vert utkast til utbyggingsavtale vedkomande Tovågen bustadfelt lagt ut til offentlig ettersyn.

2. Høyringsfristen vert sett til 30 dagar.

Utkastet til utbyggingsavtale har vore til offentlig ettersyn med frist for merknadar 10. mars 2014, det er ikkje kome inn merknadar.

Vurdering og konklusjon:

Avtaleutkastet slik det no ligg føre legg til rette for at kommunen tek over tekniske anlegg til framtidig drift og vedlikehald. Utbygginga er planlagt i tråd med gjeldande reguleringsplan for området og vert vurdert som eit ordinært anlegg for bustadfelt.

Med bakgrunn i ovanstående saksutgreiing tilrår rådmannen at avtalen vert godkjent slik den framkjem av vedlagt utkast til utbyggingsavtale.

Konsekvensar for folkehelse:

Rådmannen ser positivt på utbygginga i eit folkehelseperspektiv. Utbygginga gir bustadtomter i eit attraktivt område i Myrvåg og legg soleis til rette for nyetablering. Det er regulert inn friområde med tilkomst frå bustadfeltet langs strandlinje, samt to areal til leikeplass der den eine har universelt utforma tilkomst.

Konsekvensar for beredskap:

Infrastruktur er dimensjonert for beredskap

Konsekvensar for drift:

Veg: Utbygginga gir om lag 0,4km kommunal veg og det gir om lag 35.400 kroner i auka årlege driftsutgifter (tal frå 2012).

Avlaup: Utbygginga gir nye avlaupsleidningar og pumpestasjon som vil føre til auka driftsutgifter for avlaup. Det ligg pr. i dag ikkje føre gode tal for å talfeste dette. Dei auka driftsutgiftene vert dekt inn av innkravd avlaupsgebyr frå abonnentane og vil soleis ikkje påverke kommunen sitt driftsbudsjett.

Fosnavåg, 11.03.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr:	2013/966
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
22/14	Formannskapet	04.02.2014

UTLEGGING AV UTKAST TIL UTBYGGINGSAVTALE MED BT UTBYGGING AS TIL OFFENTLIG ETTERSYN

Tilråding frå rådmannen:

1. Med heimel i §17-4 i Plan- og bygningslova vert utkast til utbyggingsavtale vedkomande Tovågen bustadfelt lagt ut til offentleg ettersyn.
2. Høyringsfristen vert sett til 30 dagar.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 04.02.2014

1. Med heimel i §17-4 i Plan- og bygningslova vert utkast til utbyggingsavtale vedkomande Tovågen bustadfelt lagt ut til offentleg ettersyn.
2. Høyringsfristen vert sett til 30 dagar.

Særutskrift:

BT Utbygging as, c/o Bjarne Tarberg, 6076 MOLTUSTRANDA
Anlegg- og driftsavdelinga, her
Utviklingsavdelinga, her

Vedlegg:

Utkast til utbyggingsavtale inkl. vedlegg

Bakgrunn:

I samsvar med gjeldande retningsliner for utbyggingsavtalar har det vore gjennomført forhandlingar med utbyggar BT Utbygging as og utarbeidd utkast til utbyggingsavtale. Denne saka gjeld utlegging av utkast til utbyggingsavtale til offentlig ettersyn.

Saksopplysningar:

Reguleringsplan 1515201255 Tovågen bustadfelt vart godkjent av kommunestyret i K-sak 157/12.

Kunngjering om oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtale vart gjort september 2013. Forhandlingar er no gjennomførte og utkast til utbyggingsavtale følgjer vedlagt. Etter §17-4 i Plan- og bygningslova skal utkast til utbyggingsavtale leggest ut til offentlig ettersyn med 30 dagars frist for merknadar.

Utkastet til utbyggingsavtale omfattar m.a. offentlig infrastruktur som vegar, avlaupsleidningar, pumpestasjon og utsleppsleidning i sjø som utbyggar skal opparbeide og som kommunen skal overta for framtidig drift og vedlikehald. Eigeomsretten til vegareala skal overdragast vederlagsfritt til kommunen.

Etter at utkastet til utbyggingsavtale har vore til offentlig ettersyn og justert i forhold til evt. merknadar vil avtale bli lagt fram for ny handsaming og endeleg vedtak.

Vurdering og konklusjon:

Med bakgrunn i ovanstående saksutgreiing og vedlagt utkast til utbyggingsavtale inkludert vedlegg vil Rådmannen tilrå at utkast til utbyggingsavtale vert lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med gjeldande regelverk.

Konsekvensar for folkehelse:

Rådmannen ser positivt på utbygginga i eit folkehelseperspektiv. Utbygginga gir bustadtomter i eit attraktivt område i Myrvåg og legg soleis til rette for nyetablering. Det er regulert inn friområde med tilkomst frå bustadfeltet langs strandlinje, samt to areal til leikeplass der den eine har universelt utforma tilkomst.

Konsekvensar for beredskap:

Infrastruktur er dimensjonert for beredskap.

Konsekvensar for drift:

Veg: Utbygginga gir om lag 0,4km kommunal veg og det gir om lag 35.400 kroner i auka årlege driftsutgifter (tal frå 2012).

Avlaup: Utbygginga gir nye avlaupsleidningar og pumpestasjon som vil føre til auka driftsutgifter for avlaup. Det ligg pr. i dag ikkje føre gode tal for å talfeste dette. Dei auka driftsutgiftene vert dekt inn av innkravd avlaupsgebyr frå abonnentane og vil soleis ikkje påverke kommunen sitt driftsbudsjett.

Fosnavåg, 22.01.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal

Utkast til
UTBYGGINGSAVTALE

mellom

Bt Utbygging AS org. nr. 912 171 329

og

Herøy kommune org.nr. 964 978 840

vedkomande

utbygging av bustadområde Tovågen

1 Generelt

1.1 Partane i saka

Mellom Bt Utbygging AS, heretter kalla utbyggjar, og Herøy Kommune, heretter kalla kommunen, er det inngått avtale om utbygging av det regulerte området "Tovågen bustadfelt" med Planidentifikasjon 201255.

1.2 Formål

Formålet med denne avtalen er å regulere rettar og plikter mellom partane, sikre Offentlege- og felles interesser, samt gjennomføringa av prosjektet.

Overordna denne avtalen gjeld reguleringsplanane for "Tovågen bustadfelt" med tilhøyrande reguleringsføresegner. Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og gjeldande bygningsvedtekter i Herøy kommune.

1.3 Geografisk avgrensing/vedlegg

Som vedlegg til denne avtalen følgjer:

1. Reguleringsplan for "Tovågen bustadfelt" (2180-B100, stadfest 27.09.2012)
2. Reguleringsføresegner tilhøyrande reguleringsplanane i pkt. 1
3. Vegplan som viser vegareal som inngår i avtalen (C-plan; 2180-C101)
4. Standardteikningar: normalprofil vegar, normalprofil grøfter, vegoppbygging, prinsipp for kumløysingar (2180-F101 - F103, lengdeprofil og snitt 2180-H01-03, type kummar 2180-H102-107)
5. VA-plan (2180-GH-plan; GH101, GH102)
6. Kabelplan, gatelysplan (2180-IN-plan; IN101)

Alle teikningar ovanfor er sist datert 10.01.2014

7. Framdriftsplan (arbeidsplan for anlegget når tiltaket vert sett i gang)

1.4 Avtalen sitt omfang

Avtalen skal fastlegge:

- Omfang av tiltak, jf pkt. 2
- Infrastruktur/tekniske planar, jf pkt. 3
- Rekkefølge, jf pkt. 4
- Kostnadsdeling mellom utbyggjar og kommunen, jf pkt. 5
- Fornminne, jf pkt. 6
- Grunnnerverv/grunnavtala, jf pkt. 7
- Avlaup, jf pkt. 8
- Framdrift, jf pkt. 9
- Overtaking og driftsfase, jf pkt. 10
- Garanti, jf pkt. 11
- Ymse, jf pkt. 12
- Tvistar, jf pkt. 13

2 Omfang av tiltak

Tekniske anlegg som utbyggar skal opparbeide og som kommunen skal take over for framtidig drift og vedlikehald er:

- Regulerte offentlege vegar i reguleringsplanen "Tovågen bustadfelt" med Planidentifikasjon 201255 slik det går fram av vedlegg 1.
- Hovudavløpsanlegg (utanom stikkleidningar til dei ulike eigedomane) slik det går fram av vedlagt VA-plan (eks vassanlegg). Sjå vedlegg 5. Her i også
 - o Pumpestasjon
 - o Pumpeleidning
 - o Overløpsleidning frå pumpestasjon til utløp i sjø
 - o Utløpsleidning for overvatn frå byggefeltet
- Gateløps iflg. gateløpsplan. Sjå vedlegg 6.

3 Infrastruktur/tekniske planar

Utbyggar har, som del av denne avtalen, fått utarbeidd tekniske hovudplanar for utbygging av kommunaltekniske anlegg (VA-anlegg), veganlegg inkl. gateløps.

Utbyggar skal syte for nødvendig supplerande detaljprosjektering.

Planane skal før utbygging gåast gjennom, kontrollerast og godkjennast av kommunen v/ Anleggs- og driftsavdelinga. Vesentlege endringar under arbeidets gang skal også godkjennast av anleggs- og driftsavdelinga.

I tillegg til det som går fram av leverte tekniske planar m.m. er det avtalt at:

- Materialar og utføring skal ha basis i standard norsk utføring basert på NS3420.
- Pumpeleidning skal vere merka med raudbrun stripe
- Oppbygging av veg med vegbredder skal vere i samsvar med reguleringsplan og tilfredsstillende krav gitt i vegnormalane. Alle vegar som skal overtakast for framtidig kommunal drift og vedlikehald skal dimensjonert og byggast for minimum 8 tonns akseltrykk.
- Minimumsstorleik på vasskum med brannventil skal vere DN1600. Kumlokk skal vere sentrisk plassert over brannventil.
- Innvendig spyling og videokontroll skal gjennomførast før avlaupsanlegget vert teke i bruk. Video inkludert rapport skal leverast Herøy kommune.
- Vassleidningar skal trykkprøvast og desinfiserast før dei vert tekne i bruk.
- Innan byggeområdet skal det vere tilfredstillande branndekning
- Alle kummar og anleggsdelar skal målast inn, for kummane skal det leverast kumkort i h.h.t. kommunen sin standard.

4 Rekkefølge og vilkår for utbygging

- Erklæring frå Stemmedalen Vassverk, der vasslaget stadfester at det til bustadene kan leverast tilstrekkelege mengder vatn med tilfredstillande kvalitet og at vasslaget tek på seg framtidig drift og vedlikehald av hovudvassleidningane, må leggast fram for kommunen før opparbeidinga startar.
- Før utbygging kan starte skal planar for vegar og kommunaltekniske anlegg med tilhøyrande beskrivelse etter NS3420 vere godkjent av kommunen v/ Anleggs- og driftsavdelinga.

5 Kostnadsdeling utbyggar/kommunen

Utbyggar dekkjer alle kostnader med utbygginga som kommunen skal overta som følgje av denne avtalen.

6 Fornminne

Funn av ev fornminne i området skal ivaretakast av utbyggar i samsvar med ev. krav frå Møre og Romsdal fylke.

7 Grunnerverv/grunnavtalar

Utbyggar må sjølv sørge for og koste ev. nødvendig grunnerverv/grunnavtalar mot andre grunneigarar både innafor og utanfor planområdet, samt varsle om dei anleggsarbeid som vil bli utført, jf elles pkt. 6 siste avsnitt.

Grunn til offentlege trafikkområde, her under vegar og grøfteareal, jf. reguleringsplanane, vert å overdrage vederlagsfritt og fritt for hefte til Herøy kommune. Utbyggar dekker kostnadar knytt til oppmåling og tinglysing. Alle skøyteformularar skal godkjennast av kommunen før tinglysing for å sikre rettar slik disse går fram av avtalen.

Utbyggar skal før kommunal overtaking, legge fram tinglyst heimelsdokument som gir kommunen:

- Eigeomsrett til dei regulerte trafikkareala.
- Rett til å drifte, vedlikehalde og eventuelt legge om rørleidningar, kablar og stolpefeste som vert lagt utanom veggrunn og som skal overtakast i samsvar med denne avtalen. Ein føreset ei varig klausuleringsbreidd på 1 m til kvar side av yttarste rør i grøftene. Denne breidda skal ikkje byggast på eller plantast til med tre høgare enn 2 m. Denne retten skal tinglysast på kvar enkelt eigedom som vert lagt hovudleidningar over.

8 Avlaup

Spillvatn skal knytast til kommunalt leidningsanlegg i tilvist kum, jf vedlegg 5. Kommunen har rett til å krevje inn ordinær tilknytingsavgift frå dei framtidige bustadane/fritidsbustadene i følgje det til ei kvar tid gjeldande gebyrregulativ.

9 Framdrift

Det er ikkje avtalt bindande framdrift då marknadsutvikling og marknadsattraktivitet vil vere avgjerande for utbyggingstakta. Når utbygginga startar skal framdrifta i arbeidet i hovudsak følgje vedlagt framdriftsplan. Utbygginga skal vere i samsvar med fastsette rekkjefølgjeføresetnader i reguleringsplanane.

10 Overtaking og driftsfase

Anlegga skal utførast i samsvar med godkjende tekniske detaljplanar og skildring. Anlegga skal overtakast vederlagsfritt av kommunen.

Vedlikehald og drift av dei framtidige kommunale anlegga er utbyggar sitt ansvar fram til kommunal overtaking.

Det skal haldast formell overtakingsforretning med føring av protokoll. For kommunen sin del skal protokoll godkjennast av Formannskapet.

11 Garanti

11.1 I opparbeidingstida:

Før arbeidet vert sett i gang skal utbygger levere oppdatert kostnadskalkyle til kommunen og stille bankgaranti tilsvarande 10 % av dei totale opparbeidingskostnadane for anlegga som skal overtakast til kommunalt eige og vedlikehald. Garanti kan delast opp etappevis. Bankgarantien skal være gyldig fram til anlegget er godkjent og overteke av kommunen. Elles gjeld reglane i NS 8406 om sikkerheitsstilling så langt dei passar.

11.2 I reklamasjonstida:

Som føresetnad for kommunal overtaking skal kommunen for reklamasjonstida, som er tre år rekna frå dato for kommunal overtaking, ha motteke frå utbygger bankgaranti for anlegg som vert overtekne til kommunalt eige og vedlikehald som svarer til 3 % av opparbeidingskostnadene.

Dersom det vert utført reklamasjonsarbeid etter reklamasjonstida si utløp eller er gjort ansvar gjeldande mot utbygger som kan verte kravd dekt av garantien, skal garantiane gjelde til reklamasjonsarbeida er utførte og godkjende. Alle garantiane vert utløyste ved mislighald av kontraktforpliktingane, så som manglar ved utføring og ved betalingsudugleik hos utbygger.

Elles gjeld reglane i NS 8406 om sikkerheitsstilling så langt dei passer.

12 Ymse

- Denne avtalen gjeld frå det tidspunkt den er endeleg godkjent ved vedtak i kommunestyret og fram til alle anlegg som er omfatta av avtalen er fullførte. Avtalen sluttar å gjelde dersom reguleringsplanen ikkje er gyldig lengre.
- Kommunen ved anleggs- og driftsavdelinga skal varslast før oppstart av opparbeiding og ha muligheit for å delta på oppstartsmøte og byggjemøte som angår anlegg som kommunen skal ta over for drift og vedlikehald.
- Kommunen skal ha tilgong til anleggsplassen.

13 Tvistar

Eventuelle tvistar som måtte oppstå i samband med denne avtalen, og som ikkje let seg løyse ved forhandlingar, skal løysast av dei ordinære domstolane. Eigedomens verneting vert avtalt som tvistens verneting.

Dato,

Dato,

.....
Bt Utbygging AS

.....
Herøy kommune

**"REGULERINGSPLAN (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR TOVÅGEN
BUSTADFELT "**

Planidentifikasjon:	Eigengodkjenningdato	Eigengodkjend av:
201255	27.9.2012	Herøy kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:

I nord: Grensar til sjøareal

I aust: Grensar til eller går dels inn på sjøareal, gnr. 45 bnr. 2, 14 og 131

I sør: Grensar til eller går dels inn på gnr. 46 bnr. 34, 35, 36, 37, 40, 42, 44, 48, 56, 57, 58, 59, 65 og 66

I vest: Grensar til eller går dels inn på gnr. 46 bnr. 33, gnr. 47 bnr. 1 og 7

§§ 1-3 GENERELT**§ 1 - GYLDIGHETSOMRÅDE**

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12-5, nr. 1)

- Bustader - frittliggjande småhus, FS1 – FS5
- Bustader - konsentrert småhus, KS
- Fritidsbusetnad – frittliggjande hytte, H
- Øvrig kommunalteknisk anlegg - pumpestasjon, A
- Naust, N
- Leikeplass, LP1-LP2

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL. § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg, V
- Annan vegggrunn – teknisk anlegg
- Parkering, P

Grøntstruktur (PBL. § 12-5, nr. 3)

- Friområde, F
- Badeplass, BP

Landbruks-, natur- og friluftsføremål (PBL. § 12-5, nr. 5)

- Friluftsføremål, FR

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL. § 12-5, nr. 6)

- Friluftsområde i sjø

Sikringssone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)

Infrastruktursone (PBL. § 11-8 b, jf. § 12-6)

- Rekkjefølgjekrav leikeplassar, LP1 og LP2 (H450)

Sone med angitte særlege omsyn (PBL § 11-8 c, jf. § 12-6)

- Bevaring i kulturmiljø (H570)

Bandleggingssone (PBL. § 11-8 d, jf. § 12-6)

- Bandlegging etter lov om kulturminner (H730)

§ 5 - FELLESEFØRESEGNER

- Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense.
- Innanfor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.

§ 6 – AREALBRUK

- I område merka "FS" kan det byggjast frittliggjande småhus – einebustad, ev med sekundærhusvære (leilegheit).

I område "KS" kan det byggjast konsentrerte hus.

I område merka "H" ligg det ei hytte. Det kan førast opp tilbygg til hytta.

- Grad av utnytting av tomtene er fastsett ved tillaten prosent utbygd areal (% - BYA):
BYA for dei enkelte delområda:

- FS - område: maksimum 30 %
- KS - område: minimum 25 % og maksimum 40 %
- H - område: maksimum bebygd areal er sett til 100 m².
- N - område: maksimum bebygd areal er sett til 75 m².

Tillate bebygd areal (BYA) vert definert i samsvar med NS 3940: 2007. BYA gjev tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m² pr. bilplass. Oppgitt maksimum bebygd areal samsvarer med avgrensing vist ved byggegrense.

§ 7 – BUSTADER OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)**1. Generelt:**

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade.

Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal, dette sjølv om byggjegrense er vist som 4 m frå regulert vegareal. Kommunen kan, om utbygginga på tomta gjer det nødvendig med garasje med innkøyring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal. Krav til tal biloppstillingsplassar er to (2) stk. per husvære. Minimum ein (1) parkeringsplass skal byggjast i garasje eller carport. På situasjonsplan skal plassering av garasje/carport/parkeringsplass visast.

- a. I område merka "FS" skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 meter og mønehøgde som ikkje overstig 8,5 meter. I område merka "FS" skal carportar/garasjar ikkje byggjast større enn 45 m² grunnflate og då berre i ei høgde. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3,5 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.
- b. I område merka "KS" skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 4.0 meter og mønehøgde som ikkje overstig 6.5 meter. I KS-området bør garasjar som hovudregel organiserast ved felles garasjeanlegg. Unntaksvis kan frittstående enkelt garasje eller carport (til ei buening) byggast med grunnflate inntil 36 m². Parkering kan dekkjast ved felles parkeringsplass.
- c. Eksisterande hytte på gnr. 46, bnr. 15, merka "H" inngår i reguleringsplanen. Maksimum bebygd areal (inkludert hytte, terrasse og ev. uthus) er sett til 100 m².
- d. I område merka "A" skal det etablerast pumpestasjon. Botn pumpesump ca kote 9,75-10. Minimum utløpshøgde for spillvatn (botn rør utgang frå bygning) er kote 11,5 - 12 m for bygningar innan områda FS1 og FS2, eller som fastsett ved detaljprosjektering av tekniske anlegg. For området A er føremålsgrense lik byggjegrænse. Det er lagt til rette for ein parkeringsplass.
- e. Naust:
I område N skal nytt naust ha same gesims- og mønehøgde som eksisterande naust. Maksimum bebygd areal er sett til 75 m² for område "N".

Nausta bør vere i tradisjonell stil med trekledning. Naust/sjøhus skal gjevast ei enkel utforming utan arker, kvistar og andre takopplett, balkongar, karnapp eller andre fasadeelement. Nausta kan nyttast til oppbevaring av reiskapar, båtar og anna sjørelatert utstyr. Nausta skal ikkje innreist med sikte på å bli brukt til varig opphald/overnatting/fritidshusføremål.
- f. Område merka "LP1 og "LP2" er felles for heile området. Leikeplassane skal ved utbygging setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald, jf. TEK § 10-2 og REN § 10-2. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast.
- g. I område merka "LP1", skal det jf. illustrasjonsplan opparbeidast gangveg med universell utforming (stigning 1:12, med repos).

§ 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

- a. Ikkje utbygd del av tomte skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentlig veg skal godkjennast av kommunen.
- b. Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert seinka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
- c. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.

- d. Innanfor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen. Dei bustadtomter som grensar til føremåla FR1, BP, F, LP1 og LP2 skal setje opp gjerde i grensa mot desse føremåla.
- e. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vevnivået. Ved avkøyrslø gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.
- f. Som minste opphaldsareal ute (MUA) skal det på KS- areal opparbeidast min. 20 m² areal eigna til leik pr. bueining. På KS-område skal slikt leikeareal samløst som ein eller fleire felles plassar. Minste storleik på leikeplass skal vere minimum 60 m². Arealet skal visast på situasjonsplan ved søknad. Slik leikeplass/opphaldsareal skal ha gjerde mot offentleg veg.

§ 9 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKN. INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5,nr. 2)

I offentlege trafikkområde skal det byggjast:

- køyreveg med tilhøyrande grøft
- gangveg/gangareal
- annan veggrunn – teknisk anlegg
- parkering

I området merka "P" kan det opparbeidast p-plassar for handikappa.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal som følgje av detaljprosjektering.

V1, V2 og V3 er offentlege vegar.

Vegane V1, V2 og V3 er dim for 30 km/t (jf. siktkrav). Nødvendig skiltvedtak må gjerast i tilknytning til søknad om utbygging.

§ 10 – GRØNTSTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 3)

Frionråde:

Området merka "F" er ein korridor mellom leikeplass ("LP2") og badeplass/friluftsområde ("BP"/"FR").

I frionrådet er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjøn er til hinder for bruken av frionrådet.

Badeplass:

Området merka "BP" er føresett nytta til bading, friluftsliv og rekreasjon. Innan området kan det oppførast mindre bygg som kan vere nyttig for området sin bruk.

§ 11 – LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (PBL. § 12-5, nr. 5)

Friluftformål:

I friluftsområde merka "FR" er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjøn er til hinder for bruken av frionrådet.

Innanfor friluftsområdet "FR1" kan det etablerast gangsti-/veg tilpassa universell standard til utsiktspunkt, jf. illustrasjonsplan. Gangstien-/vegen skal tilpassast til terrenget på ein god måte, utan at det vert gjort uheldige inngrep i terrenget. Grunneigar av hytte, H, har rett på ein sti frå V1 til BP slik det går fram av illustrasjonen i plankartet.

Innanfor friluftsområde "FR1" og "FR2" skal det etablerast turveg frå V1 til "FR2" slik det går fram av plankartet. Turvegen i plankartet er den omtrentlege plasseringa av turvegen. Turvegen skal sikre tilgangen til neset og der stien vert nedbygd, skal det gjerast naudsynte tiltak for å leggje om stien.

§ 12 – BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL. § 12-5, nr. 6)

Friluftsområde i sjø:

Friluftsområde, sjø skal nyttast til natur-, ferdsels-, fiske – og friluftsliv. Innan områda er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp anlegg eller bygg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for området sin bruk.

Området utanfor badeplassen kan nyttast til fritidsaktivitetar, så som bading, leik og bruk av småbåt.

§ 13 – SIKRINGSSONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

Frisiktzone (H140):

Frisiktzone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktzone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

§ 14 – INFRASTRUKTURSONE (PBL. § 11-8 b, jf. § 12-6)

Rekkjefølgjekrav grøntstruktur (H450):

Som omsynssone, kode H450, er vist krav om opparbeiding av felles leikeplassar "LP1" og "LP2" og tilhøyrande gangvegar/-stiar.

§ 15 – SONE MED ANGITTE SÆRLEGE OMSYN (PBL. § 11-8 c, jf. § 12-6)

Bevaring kulturmiljø (H570)

Automatisk freda kulturminne – steinalderbuplass på sjøbotnen.

Omsynssone, H570, omfattar dei automatisk freda kulturminna sine sikringssoner og areal som ikkje er avgrensa ytterlegare. Det skal ikkje utførast tiltak av noko slag i området.

§ 16 BANDLEGGINGSSONE (PBL. § 11-8 d, jf. § 12-6)

Bandlegging etter lov om kulturminner, H730_Fornminne:

Automatisk freda kulturminne – steinalderbuplass på sjøbotnen. Innanfor omsynssone bevaring – sjøbotn, er det ikkje tillate med tiltak som kan medføre inngrep i sjøbotnen utan løyve frå Bergens Museum, jf. Lov om kulturminne §§ 3 og 8. Det skal ikkje utførast tiltak av noko slag i området.

§ 17 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7)

- a. Felles leikeplassar "LP1" og "LP2" og tilhøyrande gangvegar/-stiar skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når halve tilhøyrande bustadareal er utbygd, jf. FS- og KS-areal.
- b. Før utbygging vert sett i verk skal kommunen godkjenne tekniske anlegg og vedta utbyggingsavtale mellom tiltakshavar og kommunen vedkomande sjølve utbygginga av dei tekniske anlegga. Tekniske anlegg omfattar vegar, leidningsnett til vatn-, avløps- og overvassanlegg samt EI- og teleforsyning.
- c. Før det vert gjeve igangsettingsløyve for bygging av naust innanfor N skal T1 vere opparbeidd som gruslagt sti.


Sist revidert 3.9.2012 av Herøy kommune

Herøy kommune, 2.11.2012

ordfører



rådmann



Rev.	Revisjonen g./for	Dato	
Byggherre	BT Utbygging AS	Scale/1:nt	1:500
Prosjektleder	AG Plan og Arkitektur AS	Saksnummer/Kjennemerke	
Prosjekt	Tovågen Busstøpfelt, byggeplan	EGN	13.13.14
kontoransvarlig	Jonas Torseng	Prosjekt nr.	
		Revisjon nr.	1002 037
		Rev	

Køyreveg	Grusskulder	Tilfødd	Grus
			Rekkverk


2180

AG Plan og Arkitektur AS

REVISJON

TEGNINGSNUMMER
2180-F101

TITTEL: Standard Iverprofil vegar



TILTAKSHAVER

BT Utbygging AS

GAESNUMMER:

BILDKOMMER

UOPPNE

TITTEL:

Byggeplan for Tovågen bustadfelt

AG Plan og Arkitektur AS

Besøksadresse : Wegbjørn Svendsbergt. 12.
Postadresse : Wegbjørn Svendsbergt. 12, 6150 Ørsta
Tlf. 70 06 16 00

E-post: frmapost@agplan.no

arkitektbedriftene



STATUS

kg

RUVIN

MÅL

1/75 (A3)

TØKMT.

kg

KONTROLL

DATE

10.12014


REVISJON

TEGNINGSNUMMER

2180-F101

2180

AG Plan og Arkitektur AS



REVISJON

TEGNINGSNUMMER

2180-F102

TITTEL: Standard Ivertprofil vegar

REV	BYGGENG	GJELDER	SRK	DATE

TELTAKSHVER

BT Utbygging AS

GÅRDSNUMMER

BLOKKNUMMER

KOMMUNE

TITTEL: Byggeplan for Tovågen bustadfelt

AG Plan og Arkitektur AS

Besøksadresse : Webjørn Svendsengt. 12.
Postadresse : Webjørn Svendsengt. 12, 650 Ørsta
Tlf: 70 06 16 00
E-post: firma@agplan.no



arkitektbedriftene

SMÅRUT

kg

FLUKT

MÅL:

175 (A3)

TIDRET:

kg

KONTROLL:

kg

DATE:


10.12014

REVISJON


TEGNINGSNUMMER

2180-F102

Overbygning V1 og V2



Overbygning gangstiar/ballplass



REVISJON

TEGNINGSNUMMER
2180-F103

TITTEL: Dim. vegoverbygning

REV

DOKUMENT

DATO

TILTAKSHVER

BT Utbygging AS

LØSNUMMER

EIGNAME

TITTEL

Byggeplan for Tovågen bustadfelt

AG Plan og Arkitektur AS

Besøksadresse : Weibjern Svendsengt. 12,
Postadresse : Weibjern Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
Tlf: 70 06 16 00
E-post: innpost@agplan.no

arkitektbedriftene

SIGNATUR

FUNKNA

MÅL

1:10 (A3)

TIDRET

KONTROLL

DATO


10.12.2014

REVISJON


TEGNINGSNUMMER

2180-F103

V2 - 40200




V1 - 40100




Rev.	Revisjonen 0, 0, 0, 0, 0	SDR	35 to
Byggherre		SDR	35 to
Prosjektperiode		SDR	35 to
AG Plan og Arkitektur AS		SDR	35 to
Prosjekt	Tovågen busstøpelt, byggeplan	SDR	35 to
Prosjekt nr.	1311214	SDR	35 to
Prosjekt fase	Langseprofil	SDR	35 to
Prosjekt dato	10.02.2023	SDR	35 to
Prosjekt for		SDR	35 to
Prosjekt av		SDR	35 to
Prosjekt nr.	1311214	SDR	35 to
Prosjekt fase	Langseprofil	SDR	35 to
Prosjekt dato	10.02.2023	SDR	35 to
Prosjekt for		SDR	35 to
Prosjekt av		SDR	35 to

90100 - overløp



40300




Nr.	Revisjonen g/ide	Dato
Byggherre		Side ant.
BT Utbygging AS		
Prosjektleder: AS Plan og Arkitektur AS		
Prosjekt: Tovågen Busstøft, byggeplan		
Prosjekt nr: 2160		
Lengdeprofil		
Dato: 13.12.14		
Rev. nr: 1000 (A3)		
Rev. nr: 2160-H02		


2180

AG Plan og Arkitektur AS

40300, FRÅ KUM DV7 TIL DV5 - PRINSIPP GRØFTESNITT VA/IN - LEIDNINGAR



40400, FRÅ DV4 NED TIL SJØ - PRINSIPP GRØFTESNITT VA/IN - LEIDNINGAR



REVISJON

TEGNINGSNUMMER

2180-H103

TITTEL: VA-detaljær grøft

REV

SDA

DATO

DOKKUMENTER

TILTAKSHVER

BT Utbygging AS

Byggherre: Blarne Tanberg

GÅSNUMMER

BLÅNUMMER

KORTLAGE

TITTEL:

Byggeplan for "Tovågen bustadfelt"

AG Plan og Arkitektur AS

Besøksadresse : Weibjern Svendsengj. 12

Postadresse : Weibjern Svendsengj. 12, 6150 Ørsta

Tlf: 70 06 16 00

E-post: firmapost@agplan.no

arkitektbedriftene



SØNNDE

kg

FLUKK

MÅL:

1:25 (A3)

TEKNI:

kg

KONTAKT:

kg

DATO:

10.12.2014

REVISJON:

TEGNINGSNUMMER:

2180-H103

2180


AG Plan og Arkitektur AS

REVISJON:
TEGNINGSNUMMER:
2180-H104


TITTEL: VA-detalljer "mini" kummer

Skisse kummer, if elles
leverandørtekningerRørdeklar: for tilknytting kum skal
vere inkludert i kumleveranse

PRINSIPP "MINI" KUMMER, PLAN



SNITT "MINI" SPILLKUMMER PVC



REV. SER. DATO

TILTAKSHVER:

BT Utbygging AS

Byggherre: Bjarne Tarberg

EGNINGSNUMMER: BRUKSNUMMER: KONTINJENT:

TITTEL:
Byggeplan for "Tovågen busstødfelt"

AG Plan og Arkitektur AS

Besøksadresse: Webjørn Sverreseng, 12.
Postadresse: Webjørn Sverreseng, 12, 6150 Ørsta
Tlf: 70 06 16 00
E-post: firmapost@agplan.no

SANTUR kg

FLÅSN

MÅL:

120 (A3)

TØKNT: kg

KONTROLL:

kg

DATE:

10.12.2014

REVISJON:

TEGNINGSNUMMER:

2180-H104

2180

AG Plan og Arkitektur AS

REVISJON

TEGNINGSNUMMER

2180-H105

TITTEL: VA-detalljer overvass/drenskum

Skisse kummar. Jf. elles leveranderteikningar

Rørdelar for tilknytting kum skal vere inkludert i kumleveranse

STØYPEJARNSLOKK I FLYTANDE RAMME,
4.0T, NS 1990 OG NS 1192


JUSTERRING, H. 150 MM

STIGE, STIGEN SKAL HA BRACKETT MED
SIKKERHEITSSLOTT

KJEGLE
Ø. H 750
Sp. H 1000

PAKNING MELLOM KUMELEMENTA

PREFABRIKERT BOTNSEKSJON
MED UTSPARING FOR RØRGJENNOMFØRING
OG FERDIG RENNELØP



TYPISK SNITT OVERVASS- OG
DRENSKUM D1000

REV.	ENDRING GRUNN	SEN	DATE

TILTAKSHVER

BT Utbygging AS

Byggherre: Bjarne Tarberg

GADENUMMER

BUSNUMMER

BYDELJE

TITTEL

Bygglei plan for "Tovågen bustadfelt"

AG Plan og Arkitektur AS

Besøksadresse : Weibjarn Svendsengt. 12,
Postadresse : Weibjarn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
Tlf: 70 06 16 00
E-post: firmapost@agplan.no

arkitektbedriftene

SENTER

Kg

FLAHE

Kg

MÅL

120 (A3)

TEGNET

Kg

KONTROLL

Kg

DATE

10.12014

REVISJON

TEGNINGSNUMMER


2180-H105

2180

AG Plan og Arkitektur AS

SANDFANGSKLUMMER (SF) PLAN

D1000



STØYPEJARNLOKK/KUPPELRIST I
FLYTANDE RAMME,
4.0T, NS 1989, NS 1990,
NS 1192 OG NS1995

JUSTERING, H 100 MM

KJEGLE, H 500/ 750
KUMRING, H 500

STIGE, STIGEN SKAL HA
BRAKETT MED

SIKKERHEITSTOPP

PAKNING MELLOM KUMLEMENTA

DYKKER MED STAKESTUSS

PREFABR. BOTNRING, H 750

PAKNING

Kumdelar iht. NS3126,
NS3127 eller likeverdig.

REVISJON:

TEGNINGSNUMMER

2180-H106

TITTEL: VA-detalar sandfangskum

Skisse kummar, jf elles
leveranderteikningar

Rørdelar for tilknytning kum skal
vere inkludert i kumleveranse

REV	DRØGGEN GJØDER	SEN	DATE

TILTAKSMAKER

BT Utbygging AS
Byggherre: Bjarne Tarberg

GJØRESNUMMER: REKUSNUMMER: LØSNINGS-

TITTEL:

Byggingeplan for "Tovågen bustadfelt"

AG Plan og Arkitektur AS

Besøksadresse : Webjørn Svendsengt. 12,
Postadresse : Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Bråsta

Tlf: 70 06 16 00

E-post: firmapost@agplan.no



arkitektbedriftene



SIGNATUR

kg

FELNIVÅ

1:20 (A3)

MÅL:

TEKNET:

kg

KONTROLL:

kg

DATE:

10.12.2014

REVISJON:

TEGNINGSNUMMER:

2180-H106

2180

AG Plan og Arkitektur AS

TYPISK SNITT VASSKUM
MIN. D1600

STØYPEJERNLOKK I
FLYTANDE RAMME,
40T, NS 1989, NS 1990,
NS 1192 OG NS1995

JUSTERING, H maks 200 MM

KUM MED MINDRE HØGDE ENN 2 M SKAL
HA TOPPLATE KUMMED BRANNVENTIL
SKAL HA SENTYRSK HULL I
TOPPLATEKJEGLE, H 500/ 750

PAKNING MELLOM KUMLEMENTA
KJERNEBORA HULL MED KOMBIPAKNING

PREFABR BOTNRING


PAKNING

Kumdelar iht. NS3126,
NS3127 eller likeverdig.

KUM SKAL HA DRENERING Ø160

PREFABR KONSOLL MED
FORANKRINGSBØYLER

Veggbane



REVISJON:

TEGNINGSNUMMER
2180-H107

TITTEL: VA-detalj: vasskum

Skisse kummar, jf elles
leverandørføteknningar

Rørdejar for tilknyting kum skal
vere inkludert i kumleveranse

REV	DRØGDE	GJØRDE	SEK	DATE

TILTAKSHVER

BT Utbygging AS
Byggherre: Bjarne Tarberg

EGNSNUMMER: BILDSNUMMER: SKJEMME:

TITTEL:
Byggeplan for "Tovågen busstadiet"

AG Plan og Arkitektur AS

Besøksadresse : Webjørn Svendsengj. 12,
Postadresse : Webjørn Svendsengj. 12, 6150 Ørsta
Tlf. 70 06 16 00
E-post: firmepost@agplan.no

RIF
arkitektbedriftene



SONDRE: FLUKK: MÅL:


kg 1:20 (A3)

TUNDEL: KONTROLL: DATE:

kg kg 10.12014

REVISJON:

TEGNINGSNUMMER
2180-H107



Rev.	Revisjonen	Blad	Spil	Stad
	Byggherre		Objekt	Stad
BT Utbygging AS		Saksnummer: 42/19081		
Prosjektleder: AG Plan og Arkitektur AS				
Prosjekt: Tovågen busstasjon, byggeplan				
Prosjekt nr: 2180				
Våre plan: VA-plan				
Våre plan: V/pumpestation				
Målestokk: 1:100 (A3)				
Team nr: 2180-0102				
Rev				

P: pumpestation
SL: slømavskiltar

V 110PVC
SP 160PVC
DVO 250PVC
DVD 200PVC

SP 110PVC
O 110PVC
V 110PVC
SP 160PVC
DVO 250PVC
DVD 200PVC


SP110
O110
V32

V 110PVC

SP110
O110
V32

95

160
60
300



SYMBOL:

EGSISTENDE	PROSJEKTERT	BJØNN / UTJØR	FORKLARING	EGSISTENDE	PROSJEKTERT	FORKLARING
○	●	□	POLEPOSTS/STØM M. Ø 110 mm	---	---	TRASSERING TUSSA VEGSPENN / JORDNG
				---	---	VEG VS. UJØNNVIT, JØRNG
				---	---	
				---	---	EGSISTENDE 4x110 TUSSA
						KABELKAP / FODLINGSSKAP

EGSISTENDE er +kabel, utløst i 110 kV-kabelkapp eller etter SVSSEP

Rev.	Rev. av: Søren G. Gjø	Skjema	Da to
Proj. nr.	BT Utbygging AS	Oppm. av: S. Gjø	Da to
Prosjektleder	AG Plan og Arkitektur AS	Statistisk k. k. n. n. n.	
Prosjekt	Tavågøen bussstasjon, byggeplan	Skjema nr.	1312014
	Kabelplan IN	Rev. nr.	
		Statistisk k. k. n. n. n.	1000 1000 1000
		Rev. nr.	1000
		Statistisk k. k. n. n. n.	1000

BT Utbygging A/S
6076 Moldtustranda

Telefon 913 85798
Telefaks 70 08 52 64
b.tarberg@tussa.com

08.01.2014

VEDR: Framdriftplan for Tovågen Byggefelt

VEG 1	grovplanert	22 veker	etter oppstart
VEG 2	grovplanert	36 veker	”
Kloakk og lednings anlegg		42 veker	”
Asfalt dekker		67 veker	”

Helsing

Helsing Tarberg
BT Utbygging AS



Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2014/29
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/14	Eldrerådet	14.04.2014
57/14	Formannskapet	08.04.2014
51/14	Kommunestyret	24.04.2014
10/14	Komite for Helse og omsorg	20.03.2014

HERØY OMSORGSSENTER - GUL AVDELING - SØKNAD OM MELLOMBELS GODKJENNING

Møtebehandling:

Tilråding frå Helse og omsorgskomiteen vart delt ut i møtet.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.04.2014

1. Kommunestyret godkjenner Sjukeheimvegen 5 B mellombels som sjukeheimsavdeling for Herøy omsorgssenter – gul avdeling – til utgangen av 31.12.2016.

Tilråding frå rådmannen:

2. Kommunestyret godkjenner Sjukeheimvegen 5 B mellombels som sjukeheimsavdeling for Herøy omsorgssenter – gul avdeling – til utgangen av 31.12.2016.

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga

Pleie- og omsorgsavdelinga v/ Ragnhild Velsvik Berge

Anlegg- og driftsavdelinga v/ Jon Rune Våge

Herøy brannvern v/ Tore Langvatn

Barn- familie- og helseavdelinga v/ Inger Marie Tofthagen

Kommuneoverlegen

Helse- og omsorgskomiteen

Eldrerådet

Uprenta vedlegg:

1. K-sak 08/2008
2. K-sak 80/09

Prenta vedlegg:

1. Kommuneoverlegens uttale av 21.02.2014
2. Referat frå synfaring med brannvesenet 19.02.2014

Saksopplysningar:

Saka gjeld mellombels godkjenning av Sjukeheimsvegen 5 B som sjukeheimsavdeling for Herøy omsorgssenter – gul avdeling.

Bakgrunn

Kommunestyret godkjente i K-sak 8/2008 Sjukeheimsvegen 5 B som mellombels sjukeheimsavdeling for Herøy omsorgssenter – gul avdeling, sjå uprenta vedlegg 1.

Det er ingen ekstern instans som godkjenner bygg som lokale for sjukeheimsdrift. Det ligg til kommunestyret sjølv å avgjere dette som eigar.

Krav til sjukeheimsbygg

Kommunehelselova § 1-3 slår fast at sjukeheim eller buform for heildøgns omsorg og pleie skal inngå i det tilbodet kommunen skal ha for å løyse oppgåvene innanfor pleie – og omsorgstenestene.

Forskrift for sjukeheimar og buform for heildøgns omsorg og pleie (forskrift av 14.11.1988 nr. 932) er meir utfyllande når det gjeld krav til drift og utforming av sjukeheimar. Særleg fylgjande bestemmelsar i forskrifta er relevante for saka:

Kapittel 1. Virkeområde

§ 1-1. Denne forskrift gjelder sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie som nevnt i kommunehelsetjenesteloven § 1-3 annet ledd nr. 5. Med boform i denne forskrift menes også sykehjem.

Kapittel 3. Godkjenning - Drift

§ 3-2. Boformen skal ha tilknyttet:

1. en administrativ leder
2. en lege som skal ha ansvaret for den medisinske behandling
3. en offentlig godkjent sykepleier som skal ha ansvaret for sykepleien
4. det antall personell for øvrig som er nødvendig for å sikre beboer nødvendig omsorg og bistand.

Kapittel 4. Beboernes rettigheter

§ 4-1. Ved utformingen av bygningen(e) skal det tas nødvendig hensyn til funksjonshemninger og behandling-, pleie- og assistansebehov hos beboerne. Bygninger over en etasje skal ha heis.

Sengerommene skal som hovedregel være enerom. Det kan innredes to-sengsrom for ektefeller og andre som ønsker å bo sammen. Sengerommene skal ha en størrelse og utforming som forenkler stellet av sengeliggende pasienter. Rommene bør ha uttak for telefon. Det skal være et WC-rom i tilknytning til hvert sengerom.

Grupper av sengerom bør ha egne spise- og oppholdsarealer samt kokemuligheter som kan benyttes av beboerne.

§ 4-2. *Boformen skal ha:*

- 1. tilfredsstillende kjøkken- og vaskerifunksjoner*
- 2. nødvendige rom tilrettelagt for å ivareta beboernes hygiene*
- 3. funksjonell møblering og belysning*

§ 4-3. *Beboerne skal kunne medbringe egne møbler og private gjenstander ved permanent opphold.*

§ 4-4. *Beboerne skal ha adgang til å dyrke sine interesser og forme sin tilværelse som de ønsker i den utstrekning det er forenlig med den medisinske behandling, drift av boformen og av hensynet til andre beboere.*

Kommuneoverlegens vurdering

Kommuneoverlegens uttale til saka fylgjer som prenta vedlegg 1.

Pleie- og omsorgsleiar si vurdering:

Etter ei grundig kartlegging av dåverande tenestetilbod og framtidige behov la Komite 3 fram sin rapport med vidare planar for kommunen si utbygging av framtidige omsorgstenester i K-sak 80/09, sjå uprenta vedlegg 2. I punkt 6 i vedtaket står det at kvileheimsbygget skal rivast når det vert erstatta av ny sjukeheimsavdeling. Ein naturleg konsekvens er at bygget ikkje vore prioritert for anna enn minimalt vedlikehald.

Planen var å avvikle sjukeheimsdrifta i bygget ved opning av blå avdeling. Behovet for kapasitetsauke førte derimot til at ein valde å vidareføre sjukeheimsdrift i første etasje. Det er kritikkverdig at kommunen ikkje har fått på plass eit erstatningstilbod etter så mange år, og det er godt at det no har kome inn i budsjett- og økonomiplanen. Bygget er ikkje egna for sjukeheimsdrift, og pasientane sitt funksjonsnivå må tilpassast etter dette. Kommuneoverlegen var kritisk til vidare drift sist det var gitt dispensasjon, slik han er også i denne saka. Kommuneoverlegen rår frå at det vert gitt vidare dispensasjon, og meiner at pasientane må få erstatningstilbod innan eit halvt år.

Pleie- og omsorgsleiareren deler kommuneoverlegens faglege vurderingar, men har ei litt meir pragmatisk tilnærming til tidsaspektet, sidan planleggingsprosessen no har kome i gang. Dersom det ikkje er slik at bygget må rivast omgåande for å gjere plass til nybygg på same område, må ein spørje seg om ikkje pasientane har det best med å få vere på einerom på gul, i staden for dobbeltrom på ei anna avdeling i påvente av nybygg. Det er då avgjerande viktig å halde sterkt press på framdrift i denne saka, slik at tidsperioden fram mot nybygg vert kortast mulig. At kommuneoverlegen har sett ein så kort frist for avvikling av bygget må ein ta som eit sterkt signal.

Gul avdeling har felles drift med eit heimetenedistrikt som har lokale i andre etasje. Det er eit ope spørsmål korleis ein skal løyse lokalisering for heimetenedestene, og dette må også finne sitt svar i denne prosessen.

Eigedomsleiaren si vurdering:

Sjukeheimsvegen 5 B er eit betongbygg i 4 etasjar der loft og kjellar i hovudsak er nytta til tekniske installasjonar og lager. Byggets 2. etasje har kontor- og lagerlokale for heimesjukepleia, vaskeri og garderober. I byggets 1. etasje er det 10 pasientrom for sjukeheimsdrift, 1 bad og tre toalett.

Allereie i 2008-saka var det ein premiss for kommunestyrets vedtak at bygget har klare bygningsmessige manglar som gjer det utilrådeleg å akseptere anna enn mellombels bruk av bygget. Bygget har i lengre tid heller ikkje vore prioritert for anna enn heilt naudsynt vedlikehald. Bygget vert såleis vurdert som eit saneringsobjekt. Det er difor ikkje tilrådeleg med nye investeringar i bygget utover det som måtte vere strengt naudsynt. Grunngevinga er som følgjer:

Brukarfunksjonalitet

Bygget er ikkje tilpassa dagens krav til sjukeheimsdrift.

Bygget har fire etasjar med mykje gangareal og trange rom, dårleg eigna for sjukesenger og rullestolar. Bygget er såleis ikkje tilpassa behandling, pleie eller assistanse av sengeliggande pasientar. Det er heller ikkje plass nok til naudsynte hjelpemiddel for ei moderne sjukeheimsavdeling.

Pasientromma og sanitærforholda er ikkje akseptable, med berre eitt bad og tre toalett for totalt 10 pasientar. Det er ikkje tilrådeleg i eit kost/nytteperspektiv å tilpasse bygget til kravet om eit WC pr. rom.

Bygget har ikkje tilfredsstillande kjøkken- og vaskerifunksjonar.

Bygget har dårlege lagerfunksjonar. Dette medfører at utstyr er lagra i korridorar og trapperom, noko som ikkje er ønskeleg av omsyn til brannsikkerheit, reinhald og inneklima.

Lokala set grenser for den enkelte pasient med tanke på høve til privatliv. Pasientromma er for små og fellesareala er lite eigna til dette formål.

Brannsikkerheit

Bygget er kategorisert som eit særskilt brannobjekt, kategori A.

Det vart påpeikt ein del branntekniske manglar i samband med godkjenningssaka i 2008 som i hovudsak er utbetra. Eigedomsavdelinga har bede Herøy brannvern om ei ny vurdering i samband med denne godkjenningssaka. Referat frå synfaringa fyl som prenta vedlegg 2 og syner at det er mindre branntekniske avvik i bygget. Desse avvika vil bli utbetra av eigedomsavdelinga som forvaltar og av pleie- og omsorgsavdelinga som leigetakar i løpet av kort tid.

Ein presiserer at ovannemnde referat ikkje er eit fullverdig branntilsyn og at brannvernet har varsla årleg tilsyn i bygget.

Energi

Bygget er, saman med Bergsøy skule Borga, det einaste kommunale bygget med oljefyr. Oljefyr skal i fylgje dagens regjering fasast ut i kommunale bygg innan 2018. Lekkasjar frå nedgravd oljetank gjer at det lukter sterkt av olje i kjellaretasjen.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår kommunestyret til å mellombels godkjenne Sjukeheimsvegen 5 B som sjukeheimsbygg for Herøy omsorgssenter – gul avdeling, til utgangen av 2016.

Mellombels godkjenning er tilrådeleg sett i samanheng med den budsjettløyving som kommunestyret har vedteke for 2014 og økonomiplan 2015-2017. Det er såleis avsett kr. 300 000,- til planlegging av nye omsorgsbustadar med heildøgns omsorg i 2014 og kr. 20 mill. til bygging av bustadane i 2015. Med dette vedtaket vel kommunestyret å dreie noko av dagens sjukeheimsdrift over mot heildøgns omsorgsbustadar, eit tilbod kommunen ikkje har i dag. Dette er ei anna driftsform, som er definert som heimeteneste. Dei pasientane som er på gul må enten få tilbod om anna omsorgsnivå eller plass i anna sjukeheimsavdeling.

Det er avgjerande viktig med god framdrift i planleggingsarbeidet for nye omsorgsbustadar. Av omsyn til godkjenningsfristen for gul avdeling bør difor planlegging fullførast i 2014 med byggestart for nye bustadar i 2015. Funksjons- og arealanalyse oversendast difor kommunestyret for handsaming i løpet av hausten 2014. Spørsmålet om lokalisering av bustadane vil i den samanheng måtte avklarast. Parallelt med planleggingsprosessen vil difor rådmannen ta initiativ til ei endeleg avklaring av lokaliseringa av framtidens omsorgstenester og fremme kommunestyresak med mandat for slik utgreiing, ferdigstilt for parallell vedtak saman med vedtak om godkjenning av funksjons- og arealanalyse

Eigedom sleiar og pleie- og omsorgsleiar presiserer at det i planleggingsarbeidet særleg må avklarast byggetomt for nye bustadar samt alternativ lokalisering av dei funksjonar som i dag har tilhald i byggets andre etasje. Desse to leiarane understreker at val av byggetomt må sjåast i samanheng med den langsiktige eigarstrategien for sjukeheimsbygga i tillegg til dei krav som naturleg fyl av ønsket om effektiv sjukeheimsdrift. Det vert difor eit hovudspørsmål om nye bustadar skal byggast på tomte for dagens sjukeheimsbygg eller om ein skal bygge nytt ein alternativ stad, basert på ein endra strategi for sjukeheimsområdet og sjukeheimsfunksjonane. Likeins er det viktig å løyve midlar til riving av eksisterande bygg.

Konsekvensar for folkehelse:

Funksjonelle og trygge sjukeheimsbygg er viktig for pasientane, dei pårørande og dei tilsette si folkehelse. Dagens drift er viser lågt sjukefråvær, trivsel blant pasientane. Ein mellombels og tidsavgrensa dispensasjon vert difor vurdert til å gi små konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Mellombels godkjenning ut 2016 inneber ingen vesentlege konsekvensar for beredskapen. Ein er, særleg med omsyn til brann, allereie organisert ut frå det risikobilde ei mellombels godkjenning vil innebere.

Konsekvensar for drift:

Mellombels drift ut 2016 medfører fortsatt driftsutfordringar for pleie- og omsorgsavdelinga fordi pasientgruppene og dei tilsette er delt mellom fleire bygg. På grunn av byggets manglande funksjonalitet, må det takast særlege omsyn til dette ved utval av pasientar til avdelinga. For eigedomsavdelinga inneber mellombels godkjenning at det fortsatt må settast av midlar til drift og naudsynt vedlikehald. Bygging av omsorgsbustadar vil betre den økonomiske situasjonen då

husleigeinntekter kompenserer for driftsutgifter i tillegg til at eit nybygg vil krevje mindre vedlikehald.

Fosnavåg, 03.03.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Ragnhild Velsvik Berge
Pleie- og omsorgsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

NOTAT.

Til: Egedomsleiar.

Frå: Kst kommuneoverlege.

Kopi: Pleie- og omsorgsleiar. Leiar avdeling for barn, familie og helse.

Dato: 21.02.2014.

**HERØY OMSORGSSENTER – GUL AVDELING- SØKNAD OM MELLOMBELS GODKJENNING.
UTTALE FRÅ KOMMUNEOVERLEGEN.**

I samband med sak om søknad om mellombels godkjenning av Sjukeheimsvegen 5B, gul avdeling, som sjukeheimsavdeling bed egedomsleiar i møte den 18.02.14 om uttale frå kommuneoverlegen.

Kommuneoverlegen gir slik uttale:

Krav til bygning og drift av sjukeheimsavdeling framgår av Forskrift for sjukeheimar og buform for heildøgns omsorg og pleie (forskrift av 14.11.1988 nr 932). Som gjort greie for i saksframlegg er det klart at Sjukeheimsvegen 5B, gul avdeling, ikkje tilfredstiller krav i forskrifta Kapittel 4 (Beboernes rettigheter) §§ 4-1 til 4-4.

Det ligg føre to alternative løysingar:

1. Avslutte drifta og gi bebruarane anna tilbod i eksisterande sjukeheimar i påvente av etablering av planlagde omsorgsbustadar med heildøgns drift.
2. Gi ein ny (for tredje gong) tidsavgrensa dispensasjon for drift i påvente av etablering av planlagde omsorgsbustadar med heildøgns drift.

Alt. 1:

I Forskrifta § 4-1 framgår det at "det kan innredes to-sengsrom for ektefeller og andre som ønsker å bo sammen". Etablering av to-sengsrom i eksisterande sjukeheimar for ei viss periode vil såleis kunne vere innanfor regelverket når det er godt planlagt og gjennomført. Denne løysinga vil såleis ikkje krevje dispensasjon når forskrifta sine krav er innfridd.

Vidare vil dette alternativ frigjere bygget og arealet for sanering og opne for å nytte arealet td til omsorgsbustadar med heildøgns drift i nær tilknytning til det etablerte omsorgsmiljø på Eggesbønes. Dette opnar igjen for rasjonell bruk av personell og teknisk drift.

Alt. 2:

Ein dispensasjon vidarefører dagens tilbod for eit ikkje avklara tidsrom. Det er gitt planleggingsløyving for 2014, og i økonomiplan 2015 – 2017 er det reservert investeringsmidlar. Tomtespørsmålet inkl lokalisering er ikkje avklara. Det er såleis grunn til rekne med at ein dispensasjon må strekke seg minst fram til utgangen av 2017 eller lenger.

Med den standard bygget har i dag og med dei sterke avvik som er i forhold til regelverket når det gjeld "Beboernes rettigheter", finn kommuneoverlegen det ikkje fagleg forsvarleg å rå til ein ny dispensasjon.

Konklusjon:

1. Kommuneoverlegen rår frå at Herøy kommunestyre gir dispensasjon for vidare drift av Sjukeheimsvegen 5B som sjukheimsavdeling.
2. Kommuneoverlegen rår til at det vert etablert tilstrekkeleg antal tilleggsplassar i eksisterande sjukeheimar slik forskrifta § 4.1, 2. ledd opnar for. Innanfor disse rammer er det ikkje naudsynt med dispensasjon.
3. Kommuneoverlegen rår til at det vert gitt dispensasjon for drift av Sjukeheimsvegen 5B, gul avdeling, for det tidsrom som er naudsynt for gjennomføring av pkt. 2, avgrensa til 6 mnd frå vedtaksdato.

REFERAT FRÅ SYNFARING PÅ GUL AVDELING 19.02.14

Desse var med:

Robert Myklebust frå eigedomsavdelinga.


Roger Myklebust, Tore Langvatn og John Normann Pettersen frå Herøy brannvern, førebyggjande avdeling.

Føremålet med synfaringa var å sjå på branntryggleiken på Gul avd.

Herøy brannvern noterte fylgjande punkt som må utbetrast:

1. Merke rømmingsveg 2 i kjellar.
2. Rydde i rømmingsvegar.
3. Merke oksygenlager (2 oksygenflasker står i rømmingsvegen) Utvendig dør må merkast med gult fareskilt.
4. Eigar/drivar må syte for at pasientane/leigetakarane ikkje kan bevege seg i andre delar av bygget enn der dei har sine rom. (andre etasjar må sikrast mot at leigetakarane kan ferdast der)
5. Brannalarmanlegg. Instruksar og tekst må det ryddast opp i. Slik det var på synfaringa så virka det uryddig og tekst var skrive på gule post-it lappar.
6. Eigar må også sjå igjennom vilkåra som vart gitt i sak 20007/20 «Mellombels sjukeheimsdrift – Brannmessig vurdering». Tenker spesielt på: elektriske anlegg og telefoni/kommunikasjon med andre avdelingar, spesielt på natt.
7. Dette er ikkje å sjå på som eit fullverdig branntilsyn, men meir som ei synfaring som gir eit bilde av situasjon under synfaringa 19.02.14.

Fosnavåg 03.03.14



Tore Langvatn

Referent



Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2012/2000
		Arkiv:	614

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
58/14	Formannskapet	08.04.2014
52/14	Kommunestyret	24.04.2014

SAL AV JACOBSENHuset

Møtebehandling:

Eigedomsleiar Robert Myklebust orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.04.2014

1. Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til å selje eigedomen gnr. 34 bnr. 36 – Jacobsenhuset - til høgstbydande etter forutgåande marknadsføring og budrunde.

Tilråding:

2. Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til å selje eigedomen gnr. 34 bnr. 36 – Jacobsenhuset - til høgstbydande etter forutgåande marknadsføring og budrunde.

Særutskrift:

Rådmannens leiargruppe

Vedlegg:

1. Ortofoto
2. Reguleringskart
3. Reguleringsføresegner

Saksopplysningar:

Saka gjeld sal av Jacobsenhuset.

Bakgrunn

Kommunen har i ei årrekke leigd ut Jacobsenhuset til private føremål. Leigetakar har no sagt opp si kontrakt med kommunen og huset er overteke til kommunal drift frå og med 05.03.2014.

Eigedomen

Jacobsenhuset er del av gnr. 34 bnr. 36 i Fosnavåg sentrum, sjå kart i vedlegg 1. Eigedomen er regulert til bustadføremål og bevaring i gjeldande reguleringsplan, sjå vedlegg 2 og 3.

Eigedomen er ca. 800 m² stor. Salgbart areal, regulert til bustadføremål er ca. 700 m². Resterande areal er regulert til offentleg vegareal og er ikkje ein naturleg del av eit eventuelt sal, sjølv om det i dag framstår som ein del av eigedomens uteareal.

Sjølve huset er frå 1915 og har eit bruksareal på ca. 276 m², fordelt over 4 etasjar. Eigedomen har vore i kommunalt eige frå 1957.

Alternativ kommunal bruk

Rådmannens leiargruppe har drøfta eventuell alternativ kommunal etterbruk av eigedomen, men det er ikkje utarbeida reelle forslag til bruksalternativ i kommunal regi. Det er likevel eit spørsmål om eigedomen bør søkast utvikla vidare i kommunal regi eller i samarbeid med private, då eigedomen har historisk betydning for Herøy kommune generelt og Fosnavåg sentrum spesielt.

Vurdering og konklusjon:

Jacobsenhuset har etter rådmannens vurdering inga naturleg rolle i kommunal tenesteproduksjon. Når leigeforholdet no er avslutta vert spørsmålet kva ein skal gjere med bygget vidare.

Gitt at bygget har ei historisk betyding for Herøy og særleg Fosnavåg sentrum, ligg det føre tre alternativ.

1. Sal av egedomen til høgstbydande etter forutgåande annonsering og budrunde. Dette er det enklaste alternativet å gjennomføre. Ulempa er sjølvstakt at kommunen miss kontrollen over egedomens vidare utvikling, med unntak av dei føringar for vidare bruk som kan stillast i ei eventuell byggesak og i kraft av gjeldande reguleringsføresegner.
2. Ein eventuell kommunal etterbruk av egedomen sikrar kommunal kontroll med egedomens vidare utvikling. Bygget er imidlertid ikkje regulert til eller tilrettelagt for kommunal etterbruk og publikumsbruk. Ein må difor påregne betydelege oppgraderingskostnadar i bygget i tillegg til ordinære driftsutgifter. Rådmannen har heller ikkje konkrete forslag til kommunal etterbruk pt.
3. Sal av huset til private aktørar som kan dokumentere realistisk plan for privat etterbruk kan vurderast. Ein bør i så fall annonsere egedomen for sal som etter alternativ 1, men med etterfylgjande forhandlingar om avtale. Ein slik etterbruksmodell kan påverke salsprisen negativt då kommunen legg føringar for etterbruk utover det som allereie framgår av gjeldande reguleringsplan. Dersom sal ikkje let seg gjennomføre, kan utleigeavtale vert eit alternativ.

Rådmannen rår til at ein arbeidar vidare med alternativ 1.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen særskilte konsekvensar.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilte konsekvensar.

Konsekvensar for drift:

Sal av Jacobsenhuset gir ei antatt eingangs salsinntekt til Herøy kommune. Vidare vil sal av huset redusere egedomsavdelinga sine kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald.

Kommunal etterbruk vil påverke kommunens driftsnivå. I kva grad driftsutgiftene aukar eller vert reduserte, veit ein ikkje før ein konkret plan for etterbruk ligg føre.

Sal eller utleige til private aktørar etter forhandling om privat etterbruk, kan gi kommunen ei eingangs salsinntekt samt lavare kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald.


Fosnavåg, 13.08.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust





"REGULERINGSPLAN FOR RÅDHUSKVARTALET"

Planidentifikasjon:	Arkivskap	Eigen godkjenningsdato:	Eigen godkjend av:
201203	L12	22.06.2011	Herøy kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:

I nord: Mot vegen Rådhusgata
I aust: Mot vegen Kjøpmannsgata
I sør: Mot Igesundvegen
I vest: Mot vegen Tollåsbakken

§§ 1-3 GENERELT**§ 1 - GYLDIGHETSOMRÅDE**

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med pbl til følgjande føremål slik:

Bebyggelse og anlegg (pbl. § 12-5, nr. 1)

- Boligbebyggelse – frittliggjande småhusbebyggelse ("FS")
- Administrasjon ("O")
- Forretning/Kontor ("F/K")

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg ("V")
- Fortau
- Gangveg/gangareal ("G")
- Anna veggrunn - grøntareal
- Parkering ("P")
- Parkeringshus/-anlegg ("PA")

Hensynssoner (pbl. § 12-6)

- Bevaring kulturmiljø
- Frisikt

§ 5 - FELLESFØRESEGNER

a. Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene. Tillate bebygd areal (BYA) vert definert i samsvar med NS 3940: 2007. BYA gjev tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Gesims- og mønehøgde vert målt ut frå gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget, jf TEK.

b. Innafor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittliggjande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.

c. Så langt råd skal offentlege areal og område lagast til slik at alle grupper kan nytte heile eller deler av dei, jf likestillingslova og prinsippa om universell utforming.

§ 6 – AREALBRUK

a. I område merka "FS" kan det byggjast frittliggjande småhusbebyggelse, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt.

I område merka "A". Offentleg administrasjon, herunder eksisterande rådhus.

I område merka "F/K" kan det byggjast forretningsbygg og kontorbygg. Som 2. ev 3 etg kan det innreist leilegheiter under føresetnad av at støykrava kan løysast forsvarleg i hht T-1442 og NS8175. I tillegg må det setjast av utomhus opphaldsareal som òg stettar støykrava. Det kan byggjast garasje/carport for inntil 1 bilplass pr. leilegheit.

Til alle byggeareala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon. Det skal ikkje førast opp plasthallar, skur eller midlertidige konstruksjonar innan forområda som denne planen omfattar.

b. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):

Maks BYA for dei enkelte delområda:

- FS - område: 30 %
- O - område: 80 %
- F/K – område: 60 %

For FS-område skal ev. parkering utomhus skal reknast inn i grunnlaget for BYA.

c. For områda A, P og V1 er regulert ulik arealbruk i høgdenivå (etg.vis) slik:

- Grunnplan (1 etg) og 2. etg.:

- Område A: byggeareal: administrasjon
- Område P: Parkeringshus/-anlegg inkl. rampe til 2. etg.
- V: offentlig køyreveg

- 3. og 4. etg:

- Område A: byggeareal: administrasjon

Arealbruken er vist med tre (3) plankart: grunnplan (1 etg. – teikning 2033-100), 2. etg. (teikning 2033-101) og 3. og 4. etg. (teikning 2033-102)

d. Byggjegranser: Der byggjegrænse ikkje er vist på plankartet gjeld for områda P og P3 formålsgrænse som byggjegrænse i sør og sør/aust.

e. Som minste opphaldsareal ute (MUA) skal innan areal for leilegheiter i 2. ev 3. etg i forretnings- og kontorbygg opparbeidast min. 5 m² areal eigna til leik, for born i alderen frå to til seks år, pr. bueining. Som minste areal skal vere 25 m². Areal mot veg skal vere inngjerda. Krav til MUA innan FS-område vert fastsett av kommunen.

§ 7 – BEBYGGELSE OG ANLEGG (pbl. § 12-5, nr. 1)**1. Generelt:**

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresettt dekt på eige areal, jf kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i pbl. Område A kan dekkje sitt parkeringsbehov på områda PA, P1, P2 og P3.

2. Bygningar:

a. I område merka "FS" skal bygningar ikkje ha større gesimshøgde enn 6,5 m og mønehøgde ikkje over 8,5 m.

I område merka "FS" skal garasjar ikkje byggjast større enn 45 m² grunnflate og då berre i ei høgde. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

b. Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggande bustadhus takast omsyn til. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette er skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal, dette sjølv om byggjegrænse er vist som 4 m frå regulert vegareal. Kommunen kan, om utbygginga på tomte gjer det nødvendig med garasje med innkøyring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal.

c. I område merka "A" kan bygning oppførast i inntil 4 etg. Bygning kan ikkje ha større gesimshøgde/mønehøgde enn 14,5 m. Ev ventilasjonsbygg på tak kan overstige maks gesimshøgde/mønehøgde. Storleiken på dette skal avgrensast til bygget sin funksjon.

d. I område merka "F/K-område" kan bygning oppførast i inntil 3 etg. Bygning kan ikkje ha større gesimshøgde/mønehøgde enn 11 m. I tillegg kjem ev ventilasjonsbygg på tak.

e. Til ei kvar tid gjeldande krav om parkeringsdekning i hht pbl § 69 skal dekkast innanfor den enkelte eigedom.

§ 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

a. Ikkje utbygd del av tomte skal utformast titalande. Det er ikkje tillate å ha skjemma skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomte skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.

b. Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomte eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

c. Gjerde og hekkar langs gater skal ikkje vere over 0,7 m, ved avkøyrse maks. 0,5 m, rekna utifrå vegnivået.

d. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.

e. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.

f. Innanfor kvar tomte må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til resipient eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen. Takvatn kan førast ned i grunnen gjennom fordelingsgrøft.

g. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

h. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrse gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.

§ 9 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (pbl. § 12-5, nr. 2)

I offentlege trafikkområde skal det byggjast:

- Køyreveg
- Fortau
- Anna veggrunn
- Parkeringsplass (inndelinga er ikkje juridisk bindande)
- Parkeringshus/-anlegg

I tillegg til vist trafikkeareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. pbl. Kap 16.

Parkeringshus/-anlegg: Parkeringshus kan byggast med parkering på to (2) plan: grunnplan (1. etg.) og som 2. etg. Parkeringshus skal dimensjonerast slik at seinare bygging av ein 3. og 4. etg (offentleg føremål: administrasjon) kan oppførast på deler av huset, jf eige plankart. Høgd ferdig tak (ytterkant, dvs eks takfall) for parkeringsbygg skal vere ca kote 6,35 (innvendig nettohøgde 2,5m). Rundt taket (2.etg) skal vere rekkverk ev mur som sikring. Høgder kan endrast som følgje av nærmare detaljprosjektering. Stigning rampe skal vere maks 1:10. Dei viste parkeringslommene på plankart (inndelinga av plassane) er ikkje juridisk bindande, men vist som illustrasjon.

Som skilje mellom køyreveg og fortau skal nyttast kantstein med høgde 15 cm. Kantstein skal nyttast gjennomgåande i avkøyrslar/ innkøyring til eigedom. Høgda tilpassast køyrevegen, men skal ha ei overhøgde lik 1,5-2.0 cm. Høgdeskilnaden mellom avkøyrslar skal utjamnast langs fortauet med stigning 1:12.

§ 10 – HENSYNSSONER (pbl. § 12-6)

Bevaring kulturmiljø:

Ved FS1, eksisterande bygg på gnr. 34 bnr. 36 (Jakobsenhuset), skal bevarast pga antikvarisk og kulturhistorisk verdi. Det skal ikkje gjerast inngrep innanfor området ved anlegg eller bygningar som i vesentleg grad grip inn i det bevarte området. Endring av bygning og tilhøyrande areal utomhus skal godkjennast av kulturmynde.

Frisiktsone:

Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

Godkjend av Herøy kommunestyre i K-sak 80/11, den 22.06.2011

Dato, 26/4 - 2012


Ordførar
Arnulf Goksøyr



Delegerte saker frå avdelingane

DS 130/14 BT Utbygging as v/Bjarne Tarberg - 46/79,80 m fl - Igangsettingsløyve veg og leidningsnett 21.03.2014 00:00:00 AG Plan og arkitektur as

DS 131/14 Kjøp av bustadtomt 26/229 på Leinane. 03.04.2014 00:00:00
Inger-Marie Krogstad

DS 132/14 Asbjørn Toftesund 47/12 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus 08.04.2014 00:00:00 Ravi Design v/ Arkitekt Ivar Sulebakk

DS 133/14 Stian Goksøyr 80/25 - Ferdigattest for einebustad 08.04.2014
00:00:00 Råd. ing Ole Flaate

DS 134/14 Gnr 29 Bnr 84 Frådeling av nausttomt 27.03.2014 00:00:00 Kjell
Johan Berge

DS 135/14 Kjøp av bustadtomt 26/230 på Leinane. 03.04.2014 00:00:00 Arvid
Kvalsund

DS 136/14 Gnr 19 Bnr 2 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 19 bnr 73
27.03.2014 00:00:00 Per-Hallstein Dahle

DS 137/14 Statens Vegvesen - 48/10 og 11 - Riving og sanering 25.03.2014
00:00:00 Statens Vegvesen v/Arne Leikanger

DS 138/14 Truls Are Torvik 19/11 - Løyve til riving og oppføring av nytt uthus
04.04.2014 00:00:00 Truls Are Torvik

DS 139/14 Eivind Inge Leine 24/38 - Endring av tidlegare gitt løyve
09.04.2014 00:00:00 Eivind Inge Leine

DS 140/14 Herøy Byggsenter as - 24/85 - Endring av gitt løyve 24.03.2014
00:00:00 Haugen Ingeniørkontor as

DS 141/14 Kjøp av gnr 26 bnr 233 - Leine 09.04.2014 00:00:00 Beate Sævik
Leikanger og Jonny Sævik Leikanger

DS 142/14 Eva Janne Djupvik - 44/27 - Rehabilitering av skorstein 02.04.2014

00:00:00 Cementprodukter as

DS 143/14 Vegard Fiksdal 22/72 - Løyve til opparbeiding av infrastruktur i privat byggefelt på Espeseth 07.04.2014 00:00:00 Per Mulvik AS

DS 144/14 Ferdigattest - 38/230 - Tilbygg Helsesenter 24.03.2014 00:00:00 Prosjektbygg as

DS 145/14 Ferdigattest - 79/134 07.04.2014 00:00:00 Pål Ove Hånes

DS 146/14 Boguslaw Lopuzynski 34/401 - Ferdigattest for tilbygg/garasje 08.04.2014 00:00:00 Boguslaw Lopuzynski

DS 147/14 Anne-Marte Berge 31/161 - Ferdigattest for terrasse og bod 25.03.2014 00:00:00 Anne-Marte Berge

DS 148/14 Olga Maspanova 60/413 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus 26.03.2014 00:00:00 Olga Maspanova

DS 149/14 Oddvar Torvik 17/4 - Løyve til riving av driftsbygning 19.03.2014 00:00:00 Herøy Byggsenter AS

DS 150/14 Greta Sund - 4/269 - Bruksendring og fasadendring 19.03.2014 00:00:00 Herøy Byggsenter as

DS 151/14 Fluda Eiendom as - 25/47 - Endring av gitt løyve 02.04.2014 00:00:00 Conplan as

DS 152/14 Standardkontrakt 07.04.2014 00:00:00 Ida Karoline Sævik og Daniel Kopperstad

DS 153/14 Gunn Helsem Leine 26/84 - Ferdigattest garasje 07.04.2014 00:00:00 Gunn Helsem Leine

DS 154/14 Oddvar Torvik 17/4 - Løyve til riving av driftsbygning 19.03.2014 00:00:00 Herøy Byggsenter AS

DS 155/14 Gnr 8 Bnr 1 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 8 bnr 39, 40 og 41. 02.04.2014 00:00:00 Kjell Lidvar Kvalsvik

DS 156/14 Haven Prosjekt AS 76/105 snr.21 - Endring av tidlegare godkjent tiltak 08.04.2014 00:00:00 Design4you AS v/ Nils Erik Skeide

DS 157/14 Berge og Flusund grendalag - 28/2 - Gapahuk 19.03.2014 00:00:00 Berge og Flusund Grendalag v/Ragnar Reite

DS 158/14 Frede Uldbæk - 87/15 - Opparbeiding av veg 19.03.2014 00:00:00 Sporstøl Arkitekter as

DS 159/14 Frank Abrahamsen 83/86 - Mellombels bruksløyve for naust 09.04.2014 00:00:00 Frank Abrahamsen

DS 160/14 Mellombels bruksløyve -35/14 - Hus B - seksjon 5, 6, 8, og 9 31.03.2014 00:00:00 Bucci Arkitektur & Design as

DS 161/14 Herøy kommune v/eigedomsavdelinga - 26/29 og 43 -Riving og sanering 25.03.2014 00:00:00 AF Decom as

DS 162/14 Haven Prosjekt AS 76/105 - Mellombels bruksløyve for hytte nr 21 på Budaneset 08.04.2014 00:00:00 design4you as v/ Nils Erik Skeide

DS 163/14 Herøy kommune 24/5 - Løyve til oppføring av pumpestasjon på Nærøya 27.03.2014 00:00:00 Herøy kommune

DS 164/14 Gnr 37 Bnr 335 - Makebyte mellom Møre og Romsdal Fylkeskommune og Herøy kommune 10.04.2014 00:00:00 Møre og Romsdal fylkeskommune

DS 165/14 Kjøp av gnr 26 bnr 231 09.04.2014 00:00:00 Natalie Gjerde Tosrvik og Truls Are Torvik

DS 166/14 Wigny Vike og Kristoffer Berge 31/42 - Løyve til oppføring av garasje 10.03.2014 00:00:00 Kvadratbygg AS

DS 167/14 Mats Inge teige - 34/173 seksjon 4 - Vinterhage 04.04.2014 00:00:00 Mats Inge Teige

DS 168/14 Mellombels bruksløyve 29/266 09.04.2014 00:00:00 Bygg og

System as

DS 169/14 Egedomar i Tjørnvåg - Gnr 55, bnr 28, 7, 31 og 30 - Tilkobling til sanitærabonnement/kommunal slamutskillar - Endring av ansvarsrett

utførende 09.04.2014 00:00:00 Sporstøl Arkitekter as

DS 170/14 Gisle Vinjevoll Thrane - 12/30 - Endring av gitt Løyve 09.04.2014

00:00:00 Gisle Vinjevoll Thrane

DS 171/14 Underskreven standardkontrakt 09.04.2014 00:00:00 Silje Slotsvik

og Andre Voldsund

Referatsaker

Referatsaker

Fra: Innerdal, Cato [<mailto:fmmrcain@fylkesmannen.no>]

Sendt: 25. mars 2014 10:08

Til: Erlend Krumsvik

Emne: Vedrørende tilsynssak

Viser til samtale og oversender som avtalt vår konklusjon i nevnte tilsynssak. Ta kontakt ved spørsmål.

Med hilsen

Cato Innerdal

Assisterende fylkeslege

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset, 6404 Molde

Tlf.: 71 25 86 36

E-post: cato.innerdal@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/mr



Herøy kommune v/rådmann
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Konklusjon tilsynssak - Herøy kommune og Herøy omsorgssenter

Fylkesmannen i Møre og Romsdal mottok 22.01.14 bekymringsmelding fra Eimar Hagen. Meldingen omhandler forholdene ved «Gul avdeling» ved Herøy omsorgssenter. På bakgrunn av henvendelsen ble det opprettet tilsynssak mot Herøy kommune 29.01.14. Fylkesmannen mottok 06.02.14 også en henvendelse fra «Seniorsaken» ved informasjonssjef/redaktør Christin Engelstad.

Fakta i saken Fylkesmannen legger til grunn og Fylkesmannen sin vurdering

Kommunen gjør i tilbakemeldingen til Fylkesmannen rede for at det er et bad og tre toalett fordelt på ti pasienter.

Vurderingstema i saken er om sykehjemstilbudet ved Gul avdeling er forsvarlig når ikke hvert rom har tilgang på eget toalett.

Det følger av helse- og omsorgstjenesteloven § 4-1 at helse- og omsorgstjenester «skal være forsvarlige». Videre står det i bokstav b at kommunen skal tilrettelegge tjenesten slik at «den enkelte pasient eller bruker gis et verdig tjenestetilbud».

I prop. 91 L (2010-2011) på side 494 uttaler departementet at et tjenestetilbud som ikke oppfyller grunnleggende verdighetskrav, ikke kan oppfattes som et forsvarlig tjenestetilbud.

Spørsmålet er om det er et «verdige tjenestetilbud» når hvert enkelt beboerrom ikke har eget toalett.

For å knytte konkrete rettigheter til begrepet «verdige» har departementet gitt «forskrift om en verdig eldreomsorg». Forskrift om verdig eldreomsorg (Forskrift av 12.11.2010 nr 1426) har mange likhetstrekk med kvalitetsforskriften. Dette kommer blant annet til uttrykk i forskriftens § 3 som sier:

Tjenestetilbudet skal innrettes i respekt for den enkeltes selvbestemmelsesrett, egenverd og livsførsel og sikre at medisinske behov blir ivaretatt. For å oppnå disse målsettingene skal tjenestetilbudet legge til rette for at følgende hensyn ivaretas:

(...)

c) Et mest mulig normalt liv, med normal døgnrytme og adgang til å komme ut, samt nødvendig hjelp til personlig hygiene.

(...)

h) Tilby eldre som bor på helseinstitusjon enerom.

Av forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenesten, «Kvalitetsforskriften» (Forskrift av 27. juni 2003 nr. 0792), § 3 andre avsnitt er det gitt en ikke uttømmende opplisting av ulike typer grunnleggende behov, herunder om eget rom ved langtidsopphold og «mulighet til å få ivaretatt personlig hygiene og naturlige funksjoner (toalett)». Det følger imidlertid av § 3 andre ledd at kommunens plikter etter forskriften knytter seg til å ha skriftlig nedfellede prosedyrer som sikrer grunnleggende behov. Forskriften gir dermed i utgangspunktet ikke materielle rettskrav som den enkelte kan påberope seg.

Av forskrift av 14. november 1988 nr. 932 (Sykehjemsforskriften) § 4-1 andre ledd, fremgår:

Sengerommene skal som hovedregel være enerom. Det kan innredes to-sengersrom for ektefeller og andre som ønsker å bo sammen. Sengerommene skal ha en størrelse og utforming som forenkler stellet av sengeliggende pasienter. Rommene bør ha uttak for telefon. Det skal være et WC-rom i tilknytning til hvert sengerom.

Ordlyden i bestemmelsen tilsier at sengerommene skal ha WC-rom tilknyttet hvert sengerom. Denne ordlyden innebærer at beboere har en ubetinget rett å ha WC-rom i tilknytning til hvert sengerom. Fylkesmannen legger til grunn at ordlyden (vår uthevelse) «tilknytning til *hvert* sengerom» innebærer at et felles toalett ikke er i tråd med lovgivers intensjon.

For beboere med langtidsvedtak er «Gul avdeling» hjemmet til de som bor der. Hensynet til at beboerne skal ha rett til privatliv gjør seg gjeldende i større grad under langtidsopphold. Sett i lys av dette og reglene i forskriftene om at en skal ha et mest mulig normalt liv er det et krav at beboelsesrom skal ha eget toalett for å være verdige. I tillegg vil mangelen på eget toalett i gitte situasjoner, eksempelvis ved utbrudd av smittsomme sykdommer, kunne innebære en risiko for pasientsikkerheten.

Det er ikke et «verdige tjenestetilbud» når hvert enkelt beboerrom ikke har toalett i tilknytning til hvert sengerom.

Spørsmålet videre blir om Herøy kommune har «tilrettelagt tjenesten» slik at tjenesten er forsvarlig selv om tilbudet ikke er verdig.

Regelen må tolkes i lys av forskriftene vist til over. Kommunen har plikt til å «søke å sikre» eller «legge til rette for» verdige tjenestetilbud. Et midlertidig uverdige tjenestetilbud kan være forsvarlig om kommunen har konkrete planer for å, så snart som mulig, gjøre tilbudet verdig.

Av redegjørelse fra Herøy kommune framgår det at kommunen i 2008 vedtok å drive avdelingen videre med midlertidig godkjenning for 10 sykehjemsplasser i 5 år. Videre skal det ha vært en premiss for kommunestyrets vedtak at bygget kun skulle brukes midlertidig. Pr. i dag er bygget vurdert som et «saneringsobjekt».

Herøy kommune skriver videre i sin redegjørelse:

«Det er kommunestyret som godkjenner bygg som lokale for sjukeheimsdrift. Kommunen har dessverre ikkje lukkast med å få på plass alternativ, eller ein utvida

dispensasjon før fristen gjekk ut, og det er beklagelig at saka ikkje har vorte prioritert for handsaming før no.

I ei sak som er under utarbeiding vil rådmannen rå kommunestyret til å utvide den mellombelse godkjenninga av Sjukeheimsvegen 5 B som sjukeheimsbygg for Herøy omsorgssenter. Dette fordi der no er konkrete planar om erstatningsbygg, og det vert vurdert som det beste for pasientane å få vere der dei er inntil vidare.»

Det vises vidare til at man ikke har mottatt noen skriftlige klager på boforholdene. I hovedregel omhandler dette beboere/pasienter på langtidsopphold, hvor mesteparten også har demenslidelser. Disse vil således ha mindre forutsetninger for å framsette klager. Det er også viktig å understreke at som yter av helse- og omsorgstjenester står i en relasjon til tjenestemottaker som er asymmetrisk, hvor helsepersonellet/virksomheten som skal hjelpe får en maktposisjon overfor pasienten som trenger deres hjelp. Dette gir helsepersonellet et spesielt ansvar for å sikre verdige og forsvarlige tjenester, uavhengig av klager fra pasienter/pårørende. Som Pasient- og brukerombudet også skriver i sin årsmelding av 2012:

«Det kan være høy terskel for pårørende å klage, de frykter for at relasjoner skal ødelegges, at situasjonen skal forverre seg, og redsel for at det utøves sanksjoner overfor deres nære. Vi har opplevd at pårørende har ventet med å klage på kritikkverdige forhold til etter at deres kjære er gått bort.»

Dette er i tråd med der erfaringer også Fylkesmannen som tilsynsmyndighet har gjort seg i denne type saker.

Slik Fylkesmannen ser det har Herøy kommune ikke så langt gjort konkrete tiltak for å sikre at alle beboere får tilgang på rom med toalett. Man burde, da den midlertidige godkjenningen fra kommunestyret ble fattet i 2008, gjort tiltak/lagt planer for å sikre nettopp det. Slik saken står i dag, finner Fylkesmannen finner at kommunen ikke tilstrekkelig grad har en plan, som innenfor en rimelig tidsramme for de aktuelle beboerne, vil sikre dem rom med eget toalett.

Herøy kommune har ikke «tilrettelagt tjenesten» slik at tjenesten er forsvarlig, samtidig som tilbudet vurderes å ikke er verdig.

Sykehjemstilbudet ved Gul avdeling er ikke forsvarlig når ikke hvert rom har tilgang på eget toalett.

Etter en helhetsvurdering, og i lys av kommunens egen redegjørelse, finner man at det tilbudet aktuelle pasienter tilbys ved «Gul avdeling» er i strid med helse- og omsorgstjenesteloven § 4-1 krav til «verdige tjenestetilbud».

Det forutsettes at beboere i sykehjem får individuell oppfølging etter faglige vurderinger og at deres individuelle behov blir fulgt opp i samarbeid med vedkommende selv og pårørende. Brukermedvirkning er lovpålagt, jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 3-1, og det er viktig at beboer og pårørende får mulighet til medvirkning gjennom dialog med personalet.

Fylkesmannen registrerer at Herøy kommune har planer om et nytt omsorgssenter, med byggestart i 2015. Dette er ikke tilstrekkelig for å sikre forsvarlige tjenester. Fylkesmannen ber Herøy kommune prioritere at pasienter på langtidsopphold får plass på institusjon som er i tråd med sykehjemsforskriften.

Konklusjon

Herøy kommune sitt tjenestetilbud på Gul avdeling ved Herøy sykehjem er ikke verdig og i strid med helse og omsorgstjenesteloven § 4-1, jamfør sykehjemsforskriften § 4-1 andre avsnitt.

Fylkesmannen ber Herøy kommune legge fram en konkret plan der det kjem fram hvordan kommunen skal sikre et verdig helse- og omsorgstjenestetilbud til dagens beboere ved «Gul avdeling» **innen 15.05.14.**

Med hilsen

Christian Bjelke (e.f.)
Fylkeslege/direktør

Anders Skorpen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Medisinskfaglig saksbehandler: ass. fylkeslege Cato Innerdal

Kopi:

Eimar Hagen Grønehaugvegen 24 6092 FOSNAVÅG

Dette har eg tenkt på lenge:

Ragnar Thorseth (RT) sine store ekspedisjonar bør markerast/synleggjerast her i Herøy.

Eg skal ikkje her ramsa opp alt han har gjennomført, det er kjent for dei fleste.

Eg vil oppmode ordførar, formannskap, kommunestyre til å ta tak i denne idéen og syte for at eit relieff/minnetavle eller liknande vert plassert på ein stad der det ferdast mykje folk.

Kan det nye hotellet/kulturhuset vere ein eigna stad?

Finst det ein veg i Herøy som enno ikkje har fått namn? Kva med ein Ragnar Thorseths veg?

Det RT har gjennomført er stort, og det bør synleggjerast i heimekommunen hans.

Legg ikkje dette innspelet i skuffa for 'utrulege innfall', men gjer noko med det.

Ser fram til å lese i Vestlandsnytt at RT-komitéen er valt og i arbeid.

Med helsing

Arnljot Grimstad

Fra: Jarl Martin Møller
Sendt: 8. april 2014 11:18
Til: Arkiv; Agita Freimane; Idar Tarberg
Emne: VS: Om Ragnar Thorseth

Mvh Jarl Martin Møller (Sendt fra Galaxy Tab)

----- Opprinnelig melding -----
Fra Erlend Krumsvik <erlend.krumsvik@heroy.kommune.no>
Dato: 08.04.2014 10.14 (GMT+01:00)
Til Jarl Martin Møller <jarl.martin.moller@heroy.kommune.no>
Emne VS: Om Ragnar Thorseth

Innspel til vegnamn.

Helsing

ERLEND KRUMSVIK
Rådmann

7008 1356/ 4104 0838

www.heroy.kommune.no

Fra: Hilde Skinnes
Sendt: 8. april 2014 08:22
Til: (bjorgsund@hotmail.com); (norvaldm@mimer.no); (skaar.roy@gmail.com); (smgjelseth@hotmail.com); (storfro@tussa.com); Ann-Katrin Storøy; Arnulf Goksøyr; Arve Myklebust (arvmyk@tussa.com); Birger Furesund(bifu@start.no); Bjarne Kvalsvik; Bjørn Otterlei (bjorn@polarsea.no); Bjørn Perry Myrvåg (bmyr59@hotmail.com); Børre Waagan (borre@plany.no); Camilla Storøy Hermansen; Cathrin Hansen (cathrin.hansen@bourbon-online.com); Dag Kåre Nærø; Edel Kvalsund Goksøyr; Egil Leikanger; Erlend Krumsvik; Frank Lied; Frank Otto Kvalsvik; Fred Hansen; Geir Baade (geir@westing.no); Gry Olaug Dimmen; Hege Nedreberg Vestavik; Helena Leinebø Tonev; Henry Jøsokbakke; Idar Tarberg; Janita W. Remøy; Jon Nerem; Kai Igesund (kaiigesund@gmail.com); Kaja Runde; Karly Ingunn Teige; Kjell Runde; Kjerstin Nygard (nygardkjerstin@hotmail.com); Kjetil Kvalsvik; Knut Johan Voldsund; Knut Tandberg; Kåre Igesund; Linn-Therese H. Sævik; Magnar Storøy (magnar.storoy@gmail.com); Malene Frøystadvåg; Margaret Leinebø; Marthe Knivsflå Toft; Marthe Vågsholm Sævik; Mona-Grethe Ryssevik; Oddmund Voldsund (oddmund.voldsund@mimer.no); Olaug Andreassen; Olaus-Jon Kopperstad; Ole Brubakk; Per Kristian Furø; Reidun Myrvågnes; Richard Klungsøyr Gjerde; Runar Stave; Signe Sævik Monsen (paulmon@tussa.com); Sigurd Nygard; Sofie M. Arntsen; Solveig Båtsvik; Stian Elveseter; Stig Arne H. Sævik; Svein Asbjørn Gjølseth; Thor Sigmund Garvik; Tor Sindre Steinsvik; Øystein Kleppestrand
Emne: Om Ragnar Thorseth

Fra: Arnljot Grimstad [<mailto:arnljot.grimstad@tussa.com>]
Sendt: 7. april 2014 20:07
Til: postmottak
Emne: Om Ragnar Thorseth

God dag.

Kan du syte for at dette vert distribuert til ordførar, formannskap og kommunestyre?

Med venleg helsing

Arnljot Grimstad

Lerkebakken,
6080 Gurskøy.
700 83 056 /913 57 910



Stiftinga Herøyspelet
P.b. 274, 6099 Fosnavåg
Tlf.: +47 926 69 478
E-post: kongensring@heroyspelet.no
www.heroyspelet.no
Org.nr.: 976 052 994
Kontonr.: 3909.30.41252

Årsmelding for stiftinga Herøyspelet 2013.

Stiftinga Herøyspelet:

Stiftinga Herøyspelet er oppretta av Herøy Kommunestyre, og har som formål å legge til rette for årleg gjennomføring av Herøyspelet Kongens Ring. Stiftinga har besøksadresse i "Voldnesbygget" i Fosnavåg, men har postadresse på Herøy Rådhus.

Styret i 2013:

Styret i 2013 bestod av:

Paul Sturla Myrvågnes Hildre – leiar
Pergunn Gjerdsbakk - Nestleiar
Hallvard Rusten
Merethe Hjertø Flusund
Linn Therese Sævik
John Andre Nærø – Dagleg leiar

Det vart ikkje utbetalt honorar til desse.

Administrasjon

John Andre Nærø er tilsett som dagleg leiar i 50% stilling. Årslønn dagleg leiar kr 148 900,- . Jfr. post 5010 i rekneskapet. DL har kontor i Voldnes-bygget i Fosnavåg.

Innleigde Medverkande i 2013

Regi:	Gerald Pettersen
Dirigent:	Nils Magne Abelseth
Sminke:	Torunn Løken

Profesjonelle skodespelarar:

Unn den Fagre:	Heidi Ruud Ellingsen
Karl Mørske:	Jon Bleiklie Devik
Ingolf Ynda:	Frode Bjørøy

Kong Olav Haraldson: Pål Sverre Valheim Hagen
Ragnar Herøyhovding: Nils Ole Oftebro
Inga, kona hans: Hedvig Gardshol
Kjerring Bråte: Anette Hoff
Fe den synske: Bjørn Willberg Andersen
Forteljar: Bjørn Holum

Musikarar

13 profesjonelle, 3 amatørar.

Om lag 180 amatørar er på scena, samt om lag 150 frivillige medhjelparar.

Lyd

AVAB-CAC, Bergen, ved Eilif Steine

Sponsorar i 2013

Hovudsponsorar:

Bourbon Offshore Norway
Havila
Olympic
REM
Sparebanken Møre
Sunnmørsposten (Rabatt på annonsepakke)
Herøy Kommune
Herøy Næringsforum
Møre og Romsdal fylke

A- Sponsorar:

Marin Teknikk
Remøy Rederi Maritime AS
Vestlandsnytt (Rabatt på annonsepakke)
Møretrygd

Våre hovudsponsorar i 2013



Sunnmørsposten





Stiftinga Herøyspelet
P.b. 274, 6099 Fosnavåg
Tlf.: +47 926 69 478
E-post: kongensring@heroyspelet.no
www.heroyspelet.no
Org.nr.: 976 052 994
Kontonr.: 3909.30.41252

B- Sponsorar:

Berg-Hansen Reisebyrå
Cann
Fokus Regnskap AS
Tinde Trykk & Design AS
Jets Vacuum AS
Via Travel
Fristad Kansas (Sponsing i form av t-skjorter)

C- Sponsorar:

Sævikson
BDO
Egersund Herøy AS
Tussa
MMC Tendos
Plany AS
Madelynn Coffee(Sponsing i form av kaffe)

Vi har i tillegg til dette hatt annonsørar i programblad og andre viktige støttespelarar.

Framføringane:

"Kongens Ring" gjekk av stabelen 06. juli og 07. juli 2013. Publikumstalet var i år 2088 betalande inkl. sponsorbillettar. Friviljuge og born under 7 år kjem i tillegg.

Marknadsføring

Marknadsføringsbudsjettet fekk ein sprekk. Det førte til underskot i år, samtidig som det sjølvstgt vart meir marknadsføring.

Annonsering i forkant av årets spel vart gjennomført som planlagd i magasin og aviser der vi hadde bestilt annonseplass. Bruk av pressemeldingar og

Våre hovudsponsorar i 2013



reportasjar kan i høgste grad verte betre. Det er noko for DL å fokusere på i åra som kjem, evt. at Herøyspelet får med frivillige med marknadsføringskompetanse i ein komité for profilering og reklame. Forslaget har også vore oppe til drøfting i styret.

Herøyspelets Programblad vart i år i stor grad nytta som rein marknadsføring i forkant av spelet, i tillegg til noko sal i spelhelga. Bladet vart distribuert rundt på hotell, turistinformasjonar, spisestadar og liknande innan eit geografisk område frå kommunane i ytre søre til Ørsta-Volda- Hornindal-Stryn-Stranda-Sykkylven-Ålesund. Vi ynskjer også i år å nytte programbladet vårt til marknadsføring av spelet og meiner vi har eit godt produkt som er verdt å vidareutvikle.

Transport

Nytt av året er at vi leigde inn M/S Fjord Ålesund frå 62*Nord til å stå for båttransport til øya. I forhold til tidligare år medførte dette til ei kraftig auke i transportutgiftene for båt.

Bygging og Vedlikehald

Vi har i år lagt ny bark i amfiet. Vi har også opprusta/oppussa Hirdhola, med drenering av grunnen, lagt ny pukk og singel samt ny bordkledning, benkar og bord. Elles har bygga på spellassen fått nødvendig vedlikehald.

Truls Svendsen i Kongens Ring

13 april. 2013 arrangerte vi, saman med Plan B Management, ein dag med filminnspeling til ein ny underhaldningsserie på TV2, der Truls Svendsen m.a. spelar konge i Herøyspelet «Kongens Ring». Dette vart ein publikumssuksess med nærare 1000 framømte. Arrangementet var gratis, og Herøyspelet stod for busstransport av publikum. Vi selde mat og Herøyspeleffektar for å dekke utgiftene. I tillegg dekkja Plan B Management nokre kostnader. Det å få TVopptak av scener frå «Kongens Ring» med Svendsen sendt på TV2 i beste sendetid ser vi på som uvurderlig når det kjem til reklameeffekt, både for Herøyspelet og Herøy. Sjølv om opptaket har ein meir humoristisk profil, har vi forventningar om ein positiv effekt og auka publikumstilstrøyming til den

Våre hovudsponsorar i 2013



Møre og Romsdal
fylkeskommune



SPAREBANKEN MØRE



Sammiløyposten



originale utgåva av «Kongens Ring» i 2014.

Økonomi og Fortsatt Drift

Regnskapet er sett opp under føresetnad om vidare drift, og styret stadfester at disse føresetnadane er tilstades. Styret meiner at årsregnskapet gjev eit rettvisande bilde av selskapet sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Styret i Stiftinga Herøyspelet har teke reknskapen til vitande.

Regnskapet vart gjort opp med eit underskot på kr 98 330,-.

For 2014 har styret vedtatt å auke billettpreisane. Dette pga. auka kostnad til dei proffe skodespelarane, auka transportutgifter og marknadsføring.

Nye prisar vert som følgjande:

Vaksne:	kr 350
Honnør:	kr 300
Born (7-16 år):	kr 150
Born (under 7 år):	Gratis
HerøyspelPass:	kr 450/250 (7-16 år)


Ytre Miljø

Stiftinga Herøyspelet forureinar ikkje det ytre miljø.

Våre hovudsponsorar i 2013



Fosnavåg 10.03.2014:



Robert Voldnes
Styreleiar




Eileen Gjerde
Styremedlem



Linn Therese Sævik
Styremedlem



Merethe Hjertø Flusund
Styremedlem



John André Nærø
Dagleg leiar

Våre hovudsponsorar i 2013

